EIDFJORD KOMMUNE

Budsjett 2021

Handlingsdel /Økonomiplan 2021-2024

Vedteke av Eidfjord kommunestyre 14.12.2020

INNHALD

0.Budsjettvedtak……...3
1.Rådmannens innleing…….... 6
2.Handlingsdel……..8
3.Rammevilkår……11
4.Økonomiske førestnadar……..14
5.1 Driftsbudsjettet…….
5.1.1 Bevilningsoversikt drift…§ 5-4…… 18
5.1.2 Bevilningsoversikt drift – til fordeling…§ 5-4…… 19
5.1.3 Økonomisk oversikt etter art – drift……§ 5-6……...20
5.2 Inntekter……21
5.2.1 Skatteinntekter……... 21
5.2.2 Rammetilskot…….. 21
5.2.3 Eigedomsskatt……21
5.2.4 Nettovinst ved sal av konsesjonskraft……22
5.2.5 Konsesjonsavgifter……22
5.2.6 Overføringar med krav om motytingar……..23
5.2.7 Brukarbetaling……23
5.3 Kostnader……..24
5.3.1 Løn- og sosiale kostnader…….. 24
5.3.2 Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon…….. 24
5.3.3 Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon……..24
5.3.4 Overføringsutgifter…… 24
6.Driftsbudsjett pr.ansvar……25
6.1 Rådmann med stab og støttefunksjon…….. 26
6.2 Barnehage…… 29
6.3 Lægreid skule……33
6.4 Kultur,næring og bærekraft…….. 35
6.5 Pleie- og omsorgstenesta…….. 39
6.6 Helsetenesta…….. 42
6.7 Sosial- og barneverntenesta…….. 45
6.8 Drift & Forvaltning Drift……. 47
6.9 Drift & Forvaltning VA……. 49
6.10 Drift & Forvaltning Forvaltning ……51
7. Investeringsbudsettet……...53
7.1 Hovedoversikter investering…….
7.1.1 Bevilningsoversikt - investering…§ 5-5……53
7.1.2 Bevilningsoversikt -invetsering til fordeling § 5-5……... 54
8. Oversikt over gjeld og andre langsiktige forpliktelsar…§ 5-7… ……55
9. Prisar på kommunale tenester……56
Vedlegg:
1. Fondsoversikt……..73
2. Sjølvkost VA……...75

BUDSJETT 2021 . HANDLINGSDEL/ ØK.PLAN 2021-2024

KST sak 20/066

(Pkt 1 – 5.6 var formannskapet sitt framlegg, frå pkt 6 er endringar av kommunestyre. Alle endringar er innarbeida i budsjettdokumentet)

1	Budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024 vert vedteke som det går fram av vedlagde budsjettdokument.	
2	For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsdelen (bygning og grunn) i tidlegare skattlagde verk/bruk (jf. andre ledd i overgangsregel til esktl. § § 3og 4) For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med ein sjuendedel i 2021 (jf. første ledd første pkt. i overgangsregel til esktl. § § 3 og 4.) Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille,jf. esktl. § 11 første ledd. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Eidfjord kommune vedtekne i kommunestyret 16.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2020, jf. esktl § 10. Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar i året, med forfall 15. mars, 15. mai, 15. september og 15. november. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i år 2007. Kommunestyret har for eigedomsskatteåret 2021 vedteke å oppjustera takstane med 2 % i medhald av esktl. § 8A-4 om kontorjustering. Det vert gjennomført ny alminneleg taksering innan 1 mars 2022. Nye takstar skal gjelda for skatteåret 2022.	
3	Vanleg skatt til kommunen på formue og inntekt vert å likna ut med høgste sats.	
4	Eidfjord kommunestyre vedtek låneopptak på kr 2 mill. frå Husbanken til vidareutlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra inkl. avdragstid.	
5	Utviklinga i eigenbetaling og prisar på kommunale tenester og gebyr er i utgangspunktet auka med 3 % forutan:	

5.1	Brukarbetaling for barnehagen vert sett kr 500,- under maksprisen til (kr 2 730,-.)	
5.2	Gebyrforskrift for plan-byggje-, matrikkelovs-, seksjonering-, landbruks-, og forurensingssaker med tillegg, vert ikkje endra.	
5.3	Kinobilett vert uendra Born kr 90,- Vaksne kr 120,-	
5.5	Tilknytningsavgift vatn Sysendalen vert redusert med 10 % (samla auke vatn og avløp 5%)	
5.6	Tilknytningsavgift avløp Sysendalen vert auka med 22 % (samla auke vatn og avløp 5%)	
5.6	Bompengar Tinnhølvegen vert uendra. Pr.tur kr 200,- Årskort innanbygds kr 350,- Årskort utanbygds kr 750,-	
	Dei ulike prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet.	
6	Kvar eining skal utarbeida ei serviceerklæring som beskriv tenestetilbodet ein skal yta. Nivået skal gjenspegla ressursane som vert løyvd til tenesta og ambisjonane i samfunnsplanen. Dette skal leggjast fram for vedtak i kommunestyret innan 1. juli 2021.	
7	I løpet av fyrste halvår 2021 legg Rådmann fram sak om innføring av kontantstøtte i 5 veker i samband med foreldrepermisjon.	
8	Eidfjord kommune oppfyller ikkje sine forpliktingar i høve til punkt 10.2 i barnehagevedtektene i dag. Rådmann får i oppgåve å gå i dialog med SU korleis avbøtande tiltak som til dømes smøremåltid skal gjennomførast innanfor budsjettet. Ny løysing skal gjelda frå 01.02.21	
9	Kommunestyret syner til vedtak 20/124 og legg til grunn at rådmann fylgjer dette opp i 2021 på ein rasjonell måte når heile Tinnhølvegen skal opnast	
10	Rådmann skal leggje fram sak om parkeringsforskrift i Eidfjord slik at denne kan tre i kraft 01.01.2022	
11	Rådmann får i oppgåve å starte planabeidet 1. halvår 2021 for del av områdeplanen Lægreid-Vik-Menes (planide: 2013002, område BKS1).	

12	Rådmann får i oppgåve å gjere klokkargard-tomta klar for sal i 2021	
13	Eidfjord kommune reduserer budsjett til kontrollutvalet med kr 100 000,-.	-100 000
14	Løyver inntil 50 000 kr til å etablera ferist på Isdalsvegen.	50 000
15	Mindreforbruk, kr. 50 000, vert avsett kapitalfondet. (diff. pkt 13-14)	50 000
16	Løyver inntil kr. 100 000 til fullfinansiering av treningsapparat til uteområdet på bygdaheimen.	100 000
17	Løyver inntil kr. 200 000 til gateljos langs kommunal veg, Hereidsvegen, fram til og med siste fastbuande	200 000
18	Løyver kr. 2 400 000 til sløkkjevatn gamle Kyrkja	2 400 000
19	Løyver kr. 1 000 000 til prosjektering/ planlegging/utlysing av tiltak ved sjøbua	1 000 000
20	Løyver kr. 200 000 til forprosjekt idrettshall	200 000
21	Løyver kr. 300.000 til trafikksikringstiltak Øvrehagen.	300 000
22	Stryk kr. 262 000 til desinfeksjonsmaskin	-262 000
23	Inndekning av alle investeringstiltak, kr. 3 938 000, vert dekka av kraftfondet. (gjeld pkt. 16-22)	-3 938 000

1. Rådmannen si innleiing

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan 2022-2024 byggjer på kommunen sin reelle økonomiske situasjon samt dei endringar som kjem som fylgje av eksterne beslutningar kommunen ikkje sjølv rår over.
Kommunen sin økonomi er under press. Bakgrunnen for dette er knytt til fleire forhold, men i hovudsak knytt til nivå på kraftprisar, utfordringar med Covid-19 samt auka behov for ressurser i fleire av dei kommunale tenesteområdene.

Kommunen har over tid hatt reduksjon i inntektsgrunnlaget knytt til kraftskattar. Frå 2018 endra prisar på kraft seg positivt. I 2020 har kraftprisane falle til eit så lavt nivå, at det vil få vesentlege konsekvenser for kommunen sin økonomi både på kort og lang sikt.

Covid-19 kom inn over oss i mars 2020, og vil vera ein stor usikkerhet for kommunen. Dette gjeld auka kostnader knytt til innkjøp av smittevernutstyr, testutstyr og til auka personellbehov i dei fleste tenesteområdene våre. Staten har bekrefta at alle kommunane skal få kompensert tapte inntekter og auke kostnader som følgje av korona pandemien. Til no har ikkje Eidfjord kommune fått dekka verken tapte inntekter eller auka kostnader. Kommunen har pr. 9, november ikkje hatt utbrot av korona smitte i kommunen, dette blir vi straffa for gjennom fordelingmodellen Fylkesmannen i Vestland nyttar ved fordeling av dei statlege midlane. Kommunen har heller ikkje fått kompensert for tapte havneinntekter enno. Kommunen vil sjølvsagt følgje opp staten sine lovnader og ta dette opp med Fylkesmannen i Vestland.

Den svært overraskende utviklinga av kraftprisane samt Covid-19 pandemien viser klart kommunen sine utfordringar når det kjem overraskende forhold som så sterkt påvirkar kommunen sin økonomi. Kommunen er svært sårbar for svingningar.

Status økonomi
Kommunen har budsjettert med eit netto driftsresultat på 7,8 % for 2021. I budsjettet er det foreslått måltall for fylgjande nøkkeltall:

Driftsresultat:	10% av brutto inntekter.
Disposisjonsfond:	25% av brutto inntekter.
Lånegjeld:	Maksimalt 90 % av brutto inntekter.

Måltala bør haldast eller vera nådd i løpet av økonomiplanperioden.

Staten har satt eit minimumsnivå på driftsresultat på 1,75% av totale inntekter. Dette er alt for lavt for Eidfjord kommune. Med det ambisjonsnivået som ligg til grunn for kommunen er det viktig å ha tilstrekkelig med overskot for å ha tilstrekkelig midler til investeringar og drift.

Kommunen har framleis økonomiske musklar til å gjere gjennomtenkte og framtidsretta satsingar, dersom ein ynskjer dette.

Samtidig vil aktivitetsnivået i Sysendalen, med vedtak av detaljreguleringsplan for Eidfjord Resort medføre vesentlig behov for å auke kapasiteten på vass- og reinseanlegg. Som varsla i førre budsjett og økonomiplan vil bygging av nytt renseanlegg i Sysendalen binde opp kapital og generere auka rente- og avdragskostnader i denne budsjett- og økonomiplanperioden.

Tenesteproduksjon

Eidfjord kommune har framleis gode føresetnader for å levere gode tenester for innbyggjarane, Aktivitetsnivået i kommunen medfører at enkelte einingar har ressursutfordringar som kommunen må løyse.

Satsingsområde og utvikling

Covid-19 pandemien snudde heilt rundt på turismen i Eidfjord. Alle cruise-anløp vart kansellert. Kva som skjer på dette området i 2021 er usikkert. Inntil det føreligg vaksine som fungerer vil turismen også i 2021 handle om stort sett lokale og nasjonale turistar.

Turistaktiviteten var sterkt aukande i Eidfjord. I 2021 vil ein måtte leve med usikkerhet rundt cruise og bussturismen vil vera fråverande. Det er sannsynlig at det i lang tid vil bli ein vesentleg endring i dette markedet, som igjen medfører store utfordringar og behov for endring i tilbod for dei næringsdrivande i Eidfjord.

I 2020 har ein kommunal politisk komite arbeidd med utvikling av sentrumsområde. Resultatet av dette arbeidet vil etter all sannsynlighet medføre at det vert starta opp arbeid med utvikling av sentrum i 2021.

Utviklinga i Sysendalen er framleis stor, og det er framleis rekordhøg interesse for å bygge hytter i dette området. Om lag 50-60 nye einingar i året, men dette kan auke vesentleg dei neste åra avhengig av når pågåande reguleringsplanar vert endelig vedtekne. Denne utviklinga medfører press på den kommunale VA infrastruktur og vi ser allereie behov for å forsterke deler av denne komande år.

Vi vil måtta leva med usikkerhet omkring kraftprisar og Covid-19 pandemien. Likevel har kommunen vesentlege reserver i fond som kan nyttast til å videreutvikle og styrke tenesteområdene.

Det vert stadig press på at kommunane skal løyse fleire oppgåver, noko som er ein kontinuerlig utvikling . Vi må førebu oss også i framtida på å løyse fleire oppgåver.

Tilgang til kompetanse og arbeidskraft innafor viktige område vert svært viktig for kommunen å ha fokus på. Som ein kommune som ligg i utkanten er tilgang til kompetanse og arbeidskraft innafor enkelte fagfelt ein utfordring kommunen må løyse på best mulig måte.

Eidfjord 05.11.2020
Geir Underhaug
-rådmann-

2. Eidfjord kommune sin handlingsdel

2.0 Handlingsdel

Økonomiplanen utgjer kommunen sin handlingsdel etter plan-og bygningslova § 11-1 fjerde ledd. jf kommunelova § 14-4 5 ledd.

2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel set mål og strategiar for utviklinga i Eidfjordsamfunnet i eit 12- årsperspektiv. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast etter trong. Den vurderinga vil skje knytt til kommunal planstrategi kvart fjerde år når nytt kommunestyre skal handsama planstrategien seinast eit år etter konstituering.

Kommuneplanen sin handlingsdel skal syna kommunen sine priorteringar og kva kommunen skal arbeida med i dei fire påfylgjande åra eller seinare. Den skal syna ressursfordeling og spesifisera resultatmål og/eller tiltak som kommunen tenkjer å gjennomføra for å fylgja opp måla i kommuneplanen. I Eidfjord vil økonomiplanen inngå i handlingsdelen.
Planen skal på høyring i 30 dagar før vedtak i kommunestyret.

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld desse hovudmåla.

Bukommunen
Mål:

1) Me skal ha eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar
2) Me skal skapa eit triveleg, levande og pulserande sentrum med møte- og fleirbruksplass med rom for aktivtetar knytt til barn og unge
3) Me skal ha fokus på eit godt omdømme
4) Me skal ha gode løysingar for parkering i sentrum og syta for gangavstand til «det meste».
5) Me skal arbeide for å auka bustadmassen i Eidfjord
6) Me skal få folk i tomme hus
7) Me skal ha ein variert bustadmasse
8) Me skal leggja til rette for friluftsliv
9) Me skal ha fleire tiltak som fremjar fysisk aktivitet
10) Me skal ha eit mangfald av aktivitetstilbod for alle aldersgrupper
11) Me skal vidareføra prinsippet med best effektive omsorgsnivå – BEON- prinsippet
12) Me skal ha naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg
13) Me skal ha eit godt tenestetilbod til mottakarar med kompliserte og samansett tenestetrong
14) Me skal ha aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse
15) Me skal ha gode oppvekstviklår for barn og unge i Eidfjord
16) Me skal ha trygge oppvekst- og bumiljø
17) Me skal syta for at kunst, idrett og kultur har ein viktig rolle i det offentlege. Alle skal ha høve til kulturopplevingar og aktiv deltaking i kulturlivet

Oppleving- og besøkskommunen

18) Eidfjord skal vera så attraktiv at det kjem fleire besøkjande til Eidfjord. Det skal føra til større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst.
19) Me skal vera den beste cruisedestinasjonen i Norge
20) Me skal vera den mest besøkte naturattraksjonen i Norge
21) Me skal auka tal arbeidsplassar knytt til aktivitetar i naturen
22) Me skal marknadsføra det særeigne i naturen og ha fokus på aktivitetar som er berekraftig

23) Me skal ha eit levande og innhaldsrikt sentrum som gjev gode opplevingar for besøkjande og innbyggjarar flest
24) Me skal vera ein internasjonal arena for ulike arrangement som spelar på mangfald gjennom heile året
25) Me skal prioritera kompetanseheving innafor naturbasert reiseliv, vertskapsrolla og stadformidling som grunnlag for produktutvikling, td guida turer
26) Me skal ha ei berekraftig auke av tal nye hytter i Sysendalen
27) Me skal leggja til rette for at hyttefolk vert ein del av innbyggjarane i Eidfjord
28) Informera om jakt, fiske og friluftstilbod

Arbeidskommunen

29) Me skal vera ein aktiv vertskommune for næringslivet
30) Me skal syta for at det vert enklare å etablera nye arbeidsplassar
31) Me skal arbeida for at det vert etablert nye arbeidsplassar innan reiselivsnæringa, direkte og indirekte
32) Me skal støtta næringslivet i deira arbeid med kvalitets- og kompetanseutvikling
33) Me skal arbeida for at det vert offentlege arbeidsplassar i kommunen
34) Me skal ha eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd
35) Me skal styrka samarbeidet og samhandling mellom kommunen og næringslivet, også mellom dei ulike næringsaktørane

Kommuneorganisasjonen

36) Me skal ha eit godt samarbeid mellom politikarar og adminsitrasjon
37) Me skal vera ein attraktiv arbeidsplass
38) Me skal vera nytenkjande og ein lærande organisasjon
39) Me skal yta god service
40) Me skal samarbeida med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar
41) Me skal ha eit godt samarbeid med frivillige lag og org.

2.2 Kommunal planstrategi 2021 – 2024

Ny planstrategi skal vedtakast i løpet av 2020.

2.3 Økonomisk situasjon

Kommunen har i dei seinare åra hatt ein god økonomisk situasjon. Dette har mellom anna medført at driftsnivået er høgt. Me er i øvre del av Kostra-statistikken på dei fleste område. Eidfjord kommune har gode ordningar for innbyggjarane, til dømes ulike bustadtilskot, rimelege tomter, varm skulemat, stipend til ungdom og fri bruk av idrettsanlegg. Både servicetilbodet til innbyggjarane og dei direkte tilskota er meint som ordningar for å sikra busetjing og rekruttera nye innbyggjarar.

Økonomien har dei siste åra vore under press. Hovudårsaka har vore sviktande kraftinntekter, grunna låge kraftprisar. Samstundes har me vedteke utbyggingsprosjekt som delvis er lånefinansierte, og som gjev ekstrakostnad til renter og avdrag.

Siste året har kraftprisane vore svært låge. Eigedomsskatten er difor ikkje auka i planperioden, då det stor uvisse rundt denne i åra framover.

I tillegg til driftsnivået i kommunen vil den økonomiske situasjonen framover i stor grad vera avhengig av utviklinga på kraftprisen, og i tillegg vil det vera avgjerande kva endringar som eventuelt vert gjort i lovverket rundt eigedomsskatten.

2.4 Folketalsutvikling

Eidfjord kommune har hatt ei negativ folketalsutvikling dei siste åra.

pr.1.1	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
0 år	10	8	4	11	8	11	14	8	10
1-5 år	47	48	56	45	41	35	43	48	55
6-12 år	75	75	68	72	73	70	70	66	60
13-15 år	35	31	32	30	26	31	29	32	27
16-19 år	50	48	41	38	41	37	42	34	37
20-44 år	289	289	280	265	254	257	259	242	248
45-66 år	293	294	298	315	309	309	304	303	289
67-79 år	107	105	115	116	114	113	110	111	124
80-89 år	37	40	41	43	43	43	47	49	46
< 90 år	14	14	15	15	16	15	13	13	10
	957	**952**	**950**	**950**	**925**	**921**	**931**	**906**	**906**

SSB sin folketalsprognose med middels vekst for Eidfjord.

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
1-5 år	51	52	49	43	43	40	40	40	40	40
6-12 år	67	60	61	63	65	68	71	66	67	64
13-15 år	25	29	31	36	28	26	17	24	24	31
16-19 år	38	38	38	32	37	36	40	39	34	30
20-44 år	240	237	233	239	236	238	239	241	241	242
45-66 år	288	288	280	274	273	267	268	268	261	254
67-79 år	131	134	137	138	139	143	140	137	146	152
80-89 år	45	46	48	53	54	54	60	60	61	62
90 år eller eldre	9	8	13	11	13	16	12	13	14	13
	894	892	890	889	888	888	887	888	888	888

For små kommunar vil framskrive folkemengd vera svært usikker.

3. Rammevilkår

3.1 Regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet 2021

(utdrag skriv frå fylkesmannen i Hordaland)

Pris og kostnadsveksten for 2021 er i framlegget 2,7 prosent. Denne vert nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.
Prisindikatoren består av :

Lønsvekst	2,2 prosent
Varer og tenester	3,6 prosent
Samla prisvekst	2,7 prosent

Det er rekna ein nominell vekst i Eidfjord kommune sine samla frie inntekter frå 2020 til 2021 med 2,1 prosent. Med berekna prisvekst på 2,7 prosent, svarer det til ein realnedgang på 0,6 prosent i frie inntekter.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Veksten i frie inntekter vil variera mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2020 til 2021 med kr 1,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i saldert budsjett, det vil seie pårekna inntektsnivå lagt til grunn i desember 2019 for budsjett 2020. Det er rekna eit særskilt tillegg i realveksten i frie inntekter frå 2020 til 2021 på om lag kr 1,18 mrd. for primærkommunane, som tilsvarer inntektsreduksjonen i år frå nivået i saldert budsjett til revidert nasjonal-budsjett.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2020 til 2021 vil kome som eit tillegg i inntektene. Oppjusteringa av pårekna skatteinntekter etter revidert nasjonalbudsjett (meirskatt kr 1,8 mrd.) er ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Pårekna meirutgifter i 2021 knytte til den demografiske utviklinga er om lag kr 0,9 mrd. for primær-kommunane. Dette er den delen av meirutgiftene som følgje av befolkningsutviklinga som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene vil vere knytt til særskilt satsing på barn og unge si psykiske helse.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet

Det er framlegg om å innlemma fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet for 2020. Dei største tilskota er :

- tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad
- tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn

Aktuelle saker

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2020 til 2021, med priskompensasjon. For 2021 er rammetilskotet knytt til føre-målet kr 929,0 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Tilskotet er i åra til og med 2020 fordelt med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tilskot til frivilligsentralar vil bli teke ut av rammetilskotet for 2021 og i staden gitt som øyremerkt tilskot på Kulturdepartementet sitt budsjett. Kr 206,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2021 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2020 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2021:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslags-nivået.

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,361 mill. til kr 1,430 mill. for netto utgifter i 2020. Det inneber ein auke på kr 46.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2020 (1,7 prosent).

- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2021 skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2020. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Det er lagt opp til ein særskilt kompensasjon med skjønstilskot til små kommunar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Det er framlegg om ei samla ramme på kr 30 mill. Ordninga blir administrert av departementet, og det er ikkje lagt opp til at kommunane kan søkje om kompensasjon. Det er berre kommunar med maksimalt 3000 innbyggjarar som kan få kompensasjon gjennom ordninga. Departementet vil i samband med fordelinga vurdere kor stor eigenandel for utgiftene kommunen har per innbyggjar og kommunen sin økonomi m.m.

Ny delkostnadsnøkkel for grunnskule

Det er i 2020 innlemma i rammetilskotet kr 1316,8 mill. av øyremerkt tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærartettleik på 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte.

Det er framlegg om ny delkostnadsnøkkel for grunnskule frå 2021. Det blir for 2021 lagt opp til å fordele halvdelen av midlane til tidleg innsats særskilt, basert på den tidlegare fordelinga, og halvdelen etter den nye delkostnadsnøkkelen. Frå 2022 er det planlagt å fordele midlane fullt ut etter den nye delkostnadsnøkkelen. I den nye delkostnadsnøkkelen blir kriteriet for innbyggjarar 6-15 år vekta noko opp. Kriteria for busetjing og gradert basiskriterium blir samla vekta tilsvarande ned.

Andre saker som har innverknad på rammetilskotet:
Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja: Staten tek over kommunane sitt tilskotsansvar. Kr 467,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

Private barnehagar har i gjennomsnitt lågare pensjonsutgifter enn det dei får kompensert. Dette fører til netto uttrekk frå rammetilskotet til kommunane med kr 215,8 mill. Uttrekket frå rammetilskotet blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen- for barnehage.

Nytt tak på eigenandelar for frikort helsetenester: Kommunane får kompensasjon på kr 50 mill. gjennom auka rammetilskot for å kunne ivareta utsette grupper. Tak på eigenandelar 1 og 2 for frikort helsetenester blir slått saman til eit nytt tak for eigenandelar frå 01.01.2021. Fordeling av kompensasjon på rammetilskotet skal skje etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp.

Eigedomsskatt

Det vart vedteke for 2020 reduksjon av maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar frå sju til fem promille.

Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert ytterlegare frå fem til fire promille.

Det er frå og med 2019 sett av kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

Samla kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar er i framlegget redusert frå kr 500 mill. til kr 300 mill. Beløp er etter at opptrappinga av ordninga har fått full verknad etter sju år. I 2021 er det framlegg om ei samla kompensasjon på kr 174,4 mill. Kompensasjon blir gitt i rammetilskotet med særskilt fordeling.

4. Økonomiske føresetnadar

- Det er lagt inn ein nominell vekst i Eidfjord kommune sine samla frie inntekter frå 2020 til 2021 med 2,1 prosent.
- Det er lagt inn ein lønsvekst på 2,2 % i planperioden 2021-2024.
- Eigedomskatten er lagt inn med 47,1 mill i 2021 og vidare i planperioden.
- Utbyte frå Hardanger Energi AS kr 1.8 mill.er avsett bufferfondet i 2021, og vidare i planperioden.
- Skatteinntekta er lagt inn med ein auke på 1,4 % i planperioden
- Rammetilskotet er redusert med 60 % av auke i skatteinntektene i planperioden.
- Brukarbetaling og andre sals- og leigeinntekter er auka med 3 % i planperioden.
- Det er ikkje lagt inn % auke i kjøp av varer og tenester i planperioden.
- Det er rekna med ein rentekostnad på 1,2 % i 2021 og vidare i planperioden.
- Låneavdrag er budsjettert med 4 % av opprinneleg lån.
- Det er lagt inn 50 nye tilknytningsgebyr i Sysendalen for 2021, og vidare for åra 2022-2024.
- Havneinntektene/kostnadane er ikkje lagt inn i budsjettet/øk.planen.

4.0 Finansielle måltall

Etter kommunelova § 14-2 skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunen sin økonomi.

Eidfjord kommune sine måltal er:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter : 10 %
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter : 25 %
- Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter 90 %

Måltala bør haldast eller vera nådd i løpet av økonomiplanperioden.

4.1 Netto driftsresultat- arbeidskapital

Netto driftsresultat seier noko om kor mykje kommunen har disponibelt til å dekka eventuelle investeringar med. I tillegg må det vera stort nok til avsetjing bundne fond.

(2019-2015 er rekneskapstal)	**Budsjett 2021**	**2019**	**2018**	**2017**	**2016**	**2015**
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter ex.premieavvik	6	4	7	5,4	5,7	14,2
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter ex premieavvik		38,6	56	66,9	63,1	69,8
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter		24,9	27,8	30,8	28,7	32,3

Kommunaldepartementet har tidlegare rådd til at netto driftsresultat bør vera minst 3 %. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen ført direkte i investeringsrekneskapen. Det får negativ effekt på netto driftsresultat, og TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har derfor redusert tilrådinga til 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Budsjettert netto driftsresultat for 2021 er på 7,8 %. Korrigert for netto budsjettert premieavvik på kr 3,2 mill. er netto driftsresultat på 6 %.

Arbeidskapital er differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunens likviditet.

4.2 Disponering av netto driftsresultat korr. for premieavvik

(i heile tusen kr):

	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat korr. for premieavvik	-11 126	-9 708	-8 144	-7 280
Bruk av disposisjonsfond korr. for premieavvik	- 350	-350	-453	-1 318
Bruk av kraftfondet	-4 321	- 4 321	-4 321	-4 321
Overført investering	2 700	1 000	0	0
Avsetjing til disposisjonsfond korr. for premieavvik	177	460	0	0
Avsetjing bufferfond	1 815	1 815	1 815	1 815
Avsetjing til kraftfondet (konsesjonsavg/utbyte)	11 105	11 105	11 105	11 105

Det er knytt stor uvisse til budsjettala fram i budsjettperioden.

4.3 Lånegjeld

Kommunestyret vedtok i sak 16/50 byggjing av ny sjukeheim m/ omsorgsbustadar innafor ei ramme på kr 200 mill. brutto, og det er lagt gjort låneopptak .på totalt ca. 69 mill. i 2017 og 2018 som er lånefinansieringa i prosjektet. I 2020 vart det gjort låneopptak på kr 23 mill. til bygging av ny brannstasjon.

Elles knyter låneopptaka seg til vatn-/ og avløpsinvesteringar.

Netto lånegjeld (eksl.pensjonsforplikting.)

	Eidfjord 2021	Eidfjord 2022	Eidfjord 2023	Eidfjord 2024	Gjennomsnitt Gruppe 16 (2019)
Netto lånegjeld	162 986	154 541	162 761	170 982	79 274
pr.innbyggar					
Netto lånegjeld i % av brutto	76 %	80 %	83 %	78 %	55 %
driftsinntekter					
Budsjetterte renter (heile tusen)	1 786	1 784	1 877	1 876	
Budsjetterte avdrag (heile tusen)	7 601	8 201	8 801	8 801	

Det er rekna med ei rente på 1,25 % i 2021, og i resten av planperioden. Låneavdrag er ført opp med 4 % av lånegjelda .

4.4 Disposisjonsfond

	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	24,2	25,2	25,7	25,8
Disposisjonsfond i mill.kr	44	46	47	47

Det er knytt stor uvisse til tala fram i planperioden.

4.5 Utlån

Oversikt over utlån :

Utlån til bustadføremål (av dette er 3,0 mill. utlån av eigne midlar, resten av startlån)	kr 6,9 mill.
Utlån til næring	kr 7,9 mill.
Forskotterte vegmidlar	kr 1,5 mill.
Totalt	kr 16,4 mill.

4.6 Premieavvik

Premieavviket er skilnaden mellom langsiktige pensjonskostnader og betalte pensjonsutgifter, og det vil verta ein differanse mellom desse kvart år. Då ordninga vart innført, fekk kommunane valet om å føra utgifta året etter, eller fordela kostnaden over 15 år. Eidfjord kommune valde å ta kostnaden over 1 år.

Netto positivt premieavvik for 2021 er budsjettert med ca. 3,4 mill.

Det positive premiavviket er avsett disposisjonsfond til dekning av tilsvarande kostnad i 2022, og tilsvarande er gjort i resten av planperioden.

Konto		2021	2022	2023	2024
10903	Premieavvik KLP	-5 245 208	-5 831 004	-6 823 199	-6 957 211
10904	Premieavvik STP	0	0	0	0
10991	Arb.gj.avg. av premieavvik KLP	-555 992	-618 086	-723 259	-737 464
10992	Arb.gj.avg. av premieavvik STP	0	0	0	0
15400	Avsetjing til disposisjonsfond	5 801 200	6 449 090	7 546 458	7 694 675
1700	**Premieavvik**	0	0	0	0
10903	Premieavvik KLP	2 307 464	5 245 208	5 831 004	6 823 199
10904	Premieavvik STP	0	0	0	0
10991	Arb.gj.avg. av premieavvik KLP	244 591	555 992	618 086	723 259
10992	Arb.gj.avg. av premieavvik STP	0	0	0	0
19400	Bruk av disposisjonsfond	-2 552 055	-5 801 200	-6 449 090	-7 546 458
1710	**Amortisering av tidlegare års premieavvik**	0	0	0	0

5. Driftsbudsjettet

5.1.1 § 5-4. Bevilgningsoversikt – drift

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Generelle driftsinntekter						
Rammetilskot	-22 292 623	-23 202 000	-25 942 000	-24 817 000	-24 331 000	-23 839 000
Inntekts-og formueskatt	-29 836 432	-32 100 000	-31 060 000	-31 852 000	-32 655 000	-33 469 000
Eigedomsskatt	-35 357 608	-47 100 000	-47 100 000	-47 100 000	-47 100 000	-47 100 000
Andre generelle driftsinntekter	-37 241 777	-36 605 000	-36 605 000	-36 605 000	-36 605 000	-36 605 000
Sum generelle driftsinntekter	**-124 728 440**	**-139 007 000**	**-140 707 000**	**-140 374 000**	**-140 691 000**	**-141 013 000**
Netto driftsutgifter						
Sum bevilningar drift,netto	111 145 184	113 541 754	120 309 408	123 396 663	124 135 185	126 272 336
Avskrivninger	14 437 499	0	0	0	0	0
Sum netto driftsutgifter	**125 582 683**	**113 541 754**	**120 309 408**	**123 396 663**	**124 135 185**	**126 272 336**
Brutto driftsresultat	**854 243**	**-25 465 246**	**-20 397 592**	**-16 977 337**	**-16 555 815**	**-14 740 664**
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-870 321	-550 000	-550 000	-550 000	-550 000	-550 000
Utbytter	-1 831 184	-1 815 000	-1 815 000	-1 815 000	-1 815 000	-1 815 000
Gevinstar og tap på finansielle omløsmidlar	-1 881 168	-1 400 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
Renteutgifter	2 692 299	3 328 703	1 886 099	1 884 833	1 977 316	1 976 049
Avdrag på lån	6 225 340	6 681 340	7 601 340	8 201 340	8 801 340	8 801 340
Netto finansutgifter	**4 334 966**	**6 245 043**	**6 022 439**	**6 621 173**	**7 313 656**	**7 312 389**
Motpost avskrivninger	-14 437 499	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	**-9 248 290**	**-19 220 203**	**-14 375 153**	**-10 356 164**	**-9 242 159**	**-7 428 275**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	5 950 000	2 700 000	1 000 000	0	0
Netto avsetn. til eller bruk av bundne driftsfond	8 121 882	8 598 124	6 783 124	6 783 124	6 783 124	6 783 124
Netto avsetn. til eller bruk av disposisjonsfond	6 817 457	4 672 079	4 892 029	2 573 040	2 459 035	645 151
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	**14 939 339**	**19 220 203**	**14 375 153**	**10 356 164**	**9 242 159**	**7 428 275**
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	**5 691 049**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

5.1.2 § 5-4. Bevilningsoversikt drift- budsjett til fordeling

Fra Bevilgningsoversikt:		Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Til fordeling drift		**111 145 184**	**113 541 754**	**120 309 408**	**123 396 663**	**124 135 185**	**126 272 336**
Netto driftsutgifter pr. ansvar							
Finans	Utg.	1 950 552	650 037	2 550 855	5 152 110	4 702 632	5 651 783
Finans	Innt.	-15 634 444	-11 720 000	-8 200 000	-8 200 000	-8 200 000	-8 200 000
Finans		**-13 683 892**	**-11 069 963**	**-5 649 145**	**-3 047 890**	**-3 497 368**	**-2 548 217**
Avskriv./kalk.rente/ ind.kost	Utg.	15 967 972	0	0	0	0	0
Avskriv./kalk.rente/ ind.kost	Innt.	-15 969 430	0	0	0	0	0
		-1 458	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Rådmannen med stab og støtte	Utg.	35 420 668	34 029 478	28 037 594	28 035 594	28 223 594	28 411 594
Rådmannen med stab og støtte	Innt.	-11 152 859	-11 144 005	-2 239 430	-2 232 430	-2 232 430	-2 232 430
		24 267 809	**22 885 473**	**25 798 164**	**25 803 164**	**25 991 164**	**26 179 164**
Lægreid skule	Utg.	28 743 664	26 197 108	23 990 909	24 320 909	24 650 909	24 980 909
Lægreid skule	Innt.	-4 691 786	-2 159 651	-1 753 276	-1 773 276	-1 793 276	-1 813 276
		24 051 878	**24 037 457**	**22 237 633**	**22 547 633**	**22 857 633**	**23 167 633**
Modnen Barnehage	Utg.	12 641 622	11 283 710	11 265 359	11 468 359	11 671 359	11 874 359
Modnen Barnehage	Innt.	-2 634 631	-1 458 076	-1 458 076	-1 483 076	-1 508 076	-1 533 076
		10 006 991	**9 825 634**	**9 807 283**	**9 985 283**	**10 163 283**	**10 341 283**
Helsetenester	Utg.	10 663 241	9 446 807	10 165 597	10 229 597	10 329 597	10 429 597
Helsetenester	Innt.	-2 753 536	-2 392 650	-2 392 650	-2 402 650	-2 412 650	-2 422 650
		7 909 705	**7 054 157**	**7 772 947**	**7 826 947**	**7 916 947**	**8 006 947**
Kultur,næring&bærekraft	Utg.	6 699 251	6 416 842	8 807 256	8 840 256	8 881 256	8 922 256
Kultur,næring&bærekraft	Innt.	-962 119	-292 700	-384 075	-384 075	-384 075	-384 075
		5 737 132	**6 124 142**	**8 423 181**	**8 456 181**	**8 497 181**	**8 538 181**
D&F drift	Utg.	32 228 314	30 655 444	26 954 539	26 725 539	26 966 539	27 207 539
D&F drift	Innt.	-7 420 491	-5 475 157	-5 525 157	-5 575 157	-5 625 157	-5 675 157
		24 807 823	**25 180 287**	**21 429 382**	**21 150 382**	**21 341 382**	**21 532 382**
D&F drift VA	Utg.	7 117 669	6 193 834	5 572 605	5 572 605	5 572 605	5 572 605
D&F drift VA	Innt.	-13 076 150	-13 210 000	-13 728 400	-13 998 400	-14 268 400	-14 538 400
		-5 958 481	**-7 016 166**	**-8 155 795**	**-8 425 795**	**-8 695 795**	**-8 965 795**
D&F forvaltning	Utg.	5 945 527	7 150 268	8 026 952	8 116 952	8 206 952	8 296 952
D&F forvaltning	Innt.	-3 936 286	-2 813 100	-3 208 100	-3 238 100	-3 268 100	-3 298 100
		2 009 241	**4 337 168**	**4 818 852**	**4 878 852**	**4 938 852**	**4 998 852**
Sosial	Utg.	3 039 518	3 308 934	3 100 029	3 123 029	3 146 029	3 169 029
Sosial	Innt.	-42 888	-57 775	-57 775	-57 775	-57 775	-57 775
		2 996 630	**3 251 159**	**3 042 254**	**3 065 254**	**3 088 254**	**3 111 254**
Pleie og omsorg	Utg.	35 068 061	32 788 981	34 691 227	35 073 227	35 510 227	35 947 227
Pleie og omsorg	Innt.	-6 066 255	-3 856 575	-3 856 575	-3 916 575	-3 976 575	-4 036 575

	29 001 806	28 932 406	30 834 652	31 156 652	31 533 652	31 910 652
Netto for alle einingar	**111 145 184**	**113 541 754**	**120 309 408**	**123 396 663**	**124 135 185**	**126 272 336**

5.1.3 § 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Driftsinntekter						
Rammetilskot	-22 292 623	-23 202 000	-25 942 000	-24 817 000	-24 331 000	-23 839 000
Inntekts-og formueskatt	-29 836 432	-32 100 000	-31 060 000	-31 852 000	-32 655 000	-33 469 000
Eigedomsskatt	-35 357 608	-47 100 000	-47 100 000	-47 100 000	-47 100 000	-47 100 000
Andre skatteinntekter	-37 208 899	-36 405 000	-36 405 000	-36 405 000	-36 405 000	-36 405 000
Andre overf. og tilskot frå staten	-32 878	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Overføringare og tilskot frå andre	-23 486 898	-9 300 189	-8 980 614	-8 973 614	-8 973 614	-8 973 614
Brukarbetalingar	-6 562 679	-5 819 800	-5 819 800	-6 229 800	-6 639 800	-7 049 800
Salgs- og leigeinntekter	-37 937 217	-39 459 700	-28 003 100	-28 058 100	-28 113 100	-28 168 100
Fordelte inntekter	-1 916 581	-	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	**-194 631 815**	**-193 586 689**	**-183 510 514**	**-183 635 514**	**-184 417 514**	**-185 204 514**
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	86 355 497	85 688 908	86 146 226	87 923 726	89 576 726	91 229 726
Sosiale utgifter	21 745 449	20 707 536	20 252 628	22 853 883	22 404 405	23 353 556
Kjøp av varer og tenester	50 761 973	42 399 560	38 214 204	37 387 704	37 387 704	37 387 704
Overføringar og tilskot til andre	22 185 639	19 325 439	18 499 864	18 492 864	18 492 864	18 492 864
Avskrivninger	14 437 499	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	**195 486 057**	**168 121 443**	**163 112 922**	**166 658 177**	**167 861 699**	**170 463 850**
Brutto driftsresultat	**854 242**	**-25 465 246**	**-20 397 592**	**-16 977 337**	**-16 555 815**	**-14 740 664**
Finansinntekter/Finansutgiter						
Renteinntekter	-870 320	-550 000	-550 000	-550 000	-550 000	-550 000
Utbytter	-1 831 184	-1 815 000	-1 815 000	-1 815 000	-1 815 000	-1 815 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-1 881 168	-1 400 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
Renteutgifter	2 692 298	3 328 703	1 886 099	1 884 833	1 977 316	1 976 049
Avdrag på lån	6 225 340	6 681 340	7 601 340	8 201 340	8 801 340	8 801 340
Netto finansutgifter	**4 334 966**	**6 245 043**	**6 022 439**	**6 621 173**	**7 313 656**	**7 312 389**
Motpost avskrivninger	-14 437 499	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	**-9 248 291**	**-19 220 203**	**-14 375 153**	**-10 356 164**	**-9 242 159**	**-7 428 275**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	0	5 950 000	2 700 000	1 000 000	0	0
Netto avsetn. til eller bruk av budne driftsfond	8 121 882	8 598 124	6 783 124	6 783 124	6 783 124	6 783 124
Netto avsetn. til eller bruk av disposisjonsfond	6 817 457	4 672 079	4 892 029	2 573 040	2 459 035	645 151
Dekning av tidligere års merforbruk	0		0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto	**14 939 339**	**19 220 203**	**14 375 153**	**10 356 164**	**9 242 159**	**7 428 275**
Fremført til inndekning i senere år	**5 691 048**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

5.2 INNTEKTER

5.2.1 Skatteinntekter

Naturressursskatten er budsjettert til kr. 25,5 mill. og personskatten til kr. 31,0 mill. i 2021. Personskatten er justert noko ned frå budsjettet i 2020, ut i frå skatteinngangen so langt i 2020. Nominell personinntektsskatt vert regulert løpande i takt med inntektsutviklinga i landet. Den er også påverka av kva "skatteøre" som vert lagt til kommunane. Når det gjeld naturressursskatten er den flat; den vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte kWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er då upåverka av andre forhold.

5.2.2 Rammetilskot

Inntektsutjamninga skal utjamna skilnader mellom kommunane og fylkeskommunen sine skatteinntekter. Frå og med 2005 har me vorte trekt 55 % i rammetilskotet av skatteinntekter som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Denne er auka til 60 % frå 2011. Eidfjord kommune skal brutto ta imot kr. 41,4 mill. i rammeoverføringar i 2021. Grunna inntektsutjamninga vert me derimot trekt ca. kr. 16,6 mill., slik at rammetilskotet for 2021 er lagt inn med ca. kr. 24,8 mill.

Skatt og rammetilskot er budsjettert med utgangspunkt i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett, men regulert litt ned, og utgjer ein auke på ca. 2,1 %.

5.2.3 Eigedomsskatt

Me budsjetterer med kr. 47,1 mill. i eigedomsskatt i 2021 og vidare i planperioden. I motsetning til personinntektsskatt og naturressursskatt har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Dette er det same som i 2020. Ein har ikkje lagt inn noko endring i planperioden, sjølv om det er stor uvisse rundt tala.

Eigedomsskatt i tidsrommet (2002 – 2023) i mill. kr.



Ved omlegging av reglane for utskriving av eigedomsskatt vart det lagt opp til minimums- og maksimumsverdiar.

At eigedomsskatten ikkje har auka i tidrommet 2008 - 2011 skuldast at kraftverka i Eidfjord hadde nådd maksimumsverdien, og at det då berre var produksjonen som har hadde innverknad på eigedomsskatten.

I statsbudsjettet for 2012 vart det vedteke å auke maksimumsverdien med 5 % med verknad for eigedomsskatten for 2012, og med 11 % med verknad frå 2013. Det vart vidare vedteke å setja kapitaliseringsrenta til 4,5% frå 2013. Dette gjorde att eigedomsskatten auka mykje 2012-2013.

På grunn av låge kraftprisar i åra 2015-2016, saman med høg kapitaliseringsrente er no alle skatteanlegga i Eidfjord komne under maksimumsverdien, og då er det gjennomsnittet av formueverdien dei siste 5 åra som vert lagt til grunn for eigedomsskatteberekninga.
Noko som gav stor nedgang i eigedomsskattegrunnlaget for åra 2016-2018.
Grunna auke i kraftprisane igjen frå 2017, fekk me ein auke på kr 12,4 mill. frå 2019 til 2020.

Dei låge kraftprisane me har hatt no i 2020, vil soleis koma med i berekninga for eigedomsskattegrunnlaget i 2022. Dette isolert vil gjera store utslag, men samtidig vil eit anna dårleg år (2015) gå ut av grunnlaget, og dra noko andre vegen.

Utviklinga av kraftprisane vil soleis ha stor påverknad for eigedomsskattegrunnlaget vidare planperioden.

Det er tildlegare vedteke å fjerna mogelegheita til å skriva ut eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar. Teknisk sett vert dette gjort ved at eigedomskategorien « verk og bruk» vert fjerna, og at særreglane for verk og bruk bare vert vidareført for vasskraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Det er føreslått overgangsordningar som skal gje ein trinnvis reduksjon over 7 år frå 2019.
Då kraftnettet vart tekne med i den nye kategorien så vil ikkje endringa betyr så mykje for Eidfjord kommune.

5.2.4 Nettovinst ved sal av konsesjonskraft

Nettovinst ved sal av konsesjonskraft er budsjettert med kr. 4,0 mill. i 2021. Dette er ein nedgang på ca. kr 3,5 mill. Det er budsjettert med ein salspris på ca. 25 øre kWh, og av total konsesjonskraft-mengde på ca. 31 GWh, er ca. 23 GWh prissikra so langt.

5.2.5 Konsesjonsavgifter

Konsesjonsavgiftene er sett til kr. 11 046’ mill. årleg. Desse inntektene vert sett direkte av til kraftfondet.

Konsesjonsinntektene vert regulert kvart femte år. Sist regulering var 1. januar 2016, og inntektene skal difor regulerast på nytt frå 1. januar 2021.

5.2.6 Hamneavgifter

Det er stor uvisse rundt cruisetrafikken for 2021, grunna Covid epedemien. Det er difor ikkje lagt inn havneinntekter for 2021.

Budsjettett er redusert med kr 8,9 mill. i havneinntekter.
Kostnaden er redusert med kr 3,3 mill.

Netto kr 5,6 mill.

Skulle dette endra seg i løpet av året, vil det koma som ei budsjettendring i tertialrapporten.

5.2.7 Overføringar med krav om motytingar

Det er budsjettert med meirverdikompensasjon på kr 4,2 mill. Meirverdikompensasjonen vert ført både på inntekt og utgiftsida, og går netto i null. Tilsvarande er det utgiftsført kr 4,2 mill. under pkt. 3.3.4 " Overføringar".

5.2.8 Brukarbetaling

Utviklinga i eigenbetaling og prisar på kommunale tenester og gebyr er i utgangspunktet auka med 3 % forutan:

- Brukarbetaling for barnehage vert sett til kr 500,- under makspris.
- Gebyrforskrift for plan-byggje-, matrikkelovs-, seksjonering-, landbruks-, og forurensingssaker med tillegg, vert ikkje endra.
- Bompengar Tinnhølvegen vert uendra:
  -enkelttur kr 200,-
  -årskort innanbygds kr 350,-
  -årskort utanbygds kr 750,-
- Kino vert uendra:
  -Born kr 90,-
  -Vaksne kr 120,-

- Tilknytningsavgift vatn Sysendalen vert redusert med 10 % (samla auke vatn og avløp 5%)
- Tilknytningsavgift avløp Sysendalen vert auka med 22 % (samla auke vatn og avløp 5%)

Dei ulike prisane går fram i eige avsnitt i budsjettet.

5.3 KOSTNADER

5.3.1 Løn- og sosiale kostnader

66,0 % av kommunen sine kostnader er knytte til løn og sosiale kostnader. Det er budsjettert med ca. 139 årsverk.

Pensjonsinnskot er lagt inn med ca. 18 % for 2021.

Det er totalt budsjettert med kr. 12,2 mill. til pensjon for 2021. Netto positivt premieavvik utgjer ca. kr 3,2 mill., og reduserer kostnaden tilsvarande. Men det positive premiavviket vert avsett disposisjonsfond, og vert nytta til å dekka tilsvarande kostnad i 2022.

I tillegg er det avsett kr. 2,4 mill. til lønsjusteringar og auke i pensjonskostnader.

Det er lagt inn ein lønsauke på 2,0 % for åra 2022-2023.

5.3.2 Kjøp av varer og tenester som inngår i eigenproduksjon

Inkluderer alt av kostnader i kommunen forutan løn. Det er ikkje lagt inn auke for prisvekst, men det er lagt inn ei auke i driftsbudsjett for enkelte einingar. Dette kjem fram som kommentar under kvar enkelt eining.

5.3.3 Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon

Posten gjeld tenester som me kjøper av andre kommunar, interkommunale selskap, staten og private.

5.3.4 Overføringsutgifter

Overføringar gjeld mellom anna tilskot til Destinasjon Eidfjord AS, Reisemål Hardangerfjord, Norsk Natursenter AS, Hardangervidda Ski og Fjellsport AS, Hardangerviddatunnelen AS og overføringar til kyrkja. I tillegg ligg det her kjøp av konsesjonskraft .

Det er budsjettert med meirverdikompensasjon på kr 4,2 mill. Meirverdikompensasjonen vert ført både på inntekts og utgiftsida, og går netto i null. Tilsvarande er det inntektsført kr 4,2 mill. under pkt. 3.2.6 ” Overføringar med krav om motytingar”.

6. DRIFTSBUDSJETT

Organisasjonskart pr. 01.01.21:



6.1 RÅDMANN MED STAB OG STØTTEFUNKSJON

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	12 646 321	12 813 321	13 001 321	13 189 321
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	5 098 525	5 036 525	5 036 525	5 036 525
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	1 735 768	1 735 768	1 735 768	1 735 768
40-49 Overføringsutgifter	8 456 980	8 449 980	8 449 980	8 449 980
60-69 Sals- og leigeinntekter	-614 700	-614 700	-614 700	-614 700
70-79 Refusjonar	-1 624 730	-1 617 730	-1 617 730	-1 617 730
90-90 Finansieringsinntekter	-650 000	-650 000	-650 000	-650 000
	25 048 164	**25 153 164**	**25 341 164**	**25 529 164**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Staten overtek ansvar for tilskot til trussamfunn	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Staten overtek skatteoppkrevjarfunksjonen	-160 000	-160 000	-160 000	-160 000
Havneinntekter	8 700 000	8 700 000	8 700 000	8 700 000
Havnekostnadar	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000	-3 300 000
Reduksjon kontrollutvalet	*-100 000*	*-100 000*	*-100 000*	*-100 000*

Tenesteområdet omfattar overordna leiing, IKT, økonomiavdeling, beredskap og tenestetorg.

Overordna mål
Me skal utvikla, samordna og leia på ein effektiv og god måte
- for å få god kvalitet på tenestene
- for å leggja grunnlaget for det framtidige Eidfjord

Me gjer dette mellom anna ved å ha eit blikk for strategiane rundt dei tre søylene i kommunedelen sin langsiktige del: Bukommunen Eidfjord, opplevings- og besøkskommunen Eidfjord og arbeidskommunen Eidfjord.

Fokusområder	Resultatmål 2021	Målemetode
Økonomi	1. Me skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet	Budsjettkontroll
Brukar	2. Sakshandsaming skal isom hovudregel ikkje overstiga 3 veker, dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift.	Statistikk
Medarbeidar/interne prosessar	1. Me skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette kvart år	Eigenrapportering
	2. Me skal ha fokus på helsefremjande arbeid og å redusera sjukefråveret. Me skal ha fokus på at tilsette er ein resurrs og det tenester og arbeidsmiljø å ha nærvær på jobben. Det skal vera tett oppfølging av sjukemelde.	Statistikk
	3. Me skal halde fristane i det interne årshjulet	Eigenrapportering
	4. Me skal halde fram med å utvikla arbeidet med internkontroll i organisasjonen.	Eigenrapportering

	5. Me skal sikra HMS-arbeidet ved skriftleg rapportering av HMS-arbeidet i einingane. 6. Me skal ha faste møte med bedriftshelsetenesta 7. Me skal ha gode prosessar i samband med budsjettarbeidet i 2022. 8. Me skal auka opplæring innan fagområder og fagsystem. Dette for å vera i stand til å betra interne arbeidsprosessar.	Eigenrapportering Eigenrapportering

Utviklingsoppgåver	
1. Me må jobba med ny organisasjonsmodell slik at denne vert implementert i organisasjonen – og det vert tydlege kommunikasjonslinjer internt.	Eigenrapportering
2. Me må ta initiativ til fleire øvingar innanfor beredskapsområdet.	Eigenrapportering
3. Fokuset i beredskapsarbeidet må i sterkare grad rettast mot tenesteproduksjonen – ikkje berre mot den kommunale kriseleiinga.	Eigenrapportering
4. Nytt avvikssystem må jobbast inn i ny organsiasjonsmodell.	Eigenrapportering.
5. Me skal vidareføra VA-prosjekt i Sysendalen	Kommunestyrevedtak
6. Me skal laga ein ROS-analyse for IKT, og planleggja nødvendige tiltak	Kommunestyrevedtak
7. Me skal auka generell IKT-kompetanse av alle tilsette	Kommunestyrevedtak
8. Me skal ha opplæring til leiarar og andre nøkkelpersonar om personvern og personrelaterte opplysingar	Eigenrapportering
9. Me skal fornya fagsystem til betre funksjonalitet og løysingar som forenklar arbeidsoppgåvene	Eigenrapportering.
10. Me skal få på plass eit innkjøpsreglement, og bli betre innkjøparar	Eigenrapportering.
11. Me skal kartleggja våre arbeidsoppgåver, med tanke på forenkling og kvalitetssikring	Eigenrapportering
12. Me fortset arbeidet med å få våre leverandørar til å senda oss elektroniske rekningar. Målet er 90 % i 2021.	Eigenrapportering
13. Me arbeider vidare med å få privatkundane våre til å ta i bruk E-faktura, gjerne kombinert med avtalegiro. Målet er 60 % i 2021.	Eigenrapportering

Budsjettkommentar:

Næring
Søknader som kjem til kommunen, vert handsama fortløpande. Vedtak i høve næringsutvikling i 2021 vil i hovudsak verta finansierte frå kraftfondet.

Faste tilskot utgjer kr. 2 080'. Dette gjeld Reisemål Hardanger Fjord AS ca. kr 460', Destinasjon Eidfjord AS ca. kr 620', og overføring til Norsk Natursenter AS kr 1 mill.

Overføringa til Norsk Natursenter AS gjeld tilbakebetaling av forskottert husleiga. Totalt er dette kr 13,8 mill., og det er lagt inn som ei fast årleg overføring på kr 1 mill. med dekning frå kraftfondet. Tilskotet er under førsetnad av at dette vert nytta til nedbetaling av det eksterne lånet Norsk Natursenter AS tok opp i samband med forskotteringa av husleiga til Eidfjord kommune.

Kyrkja
Tilskot til soknerådet til drift for dei enkelte åra er lagt inn med kr. 2.777.000,-. Dette er ein auke på ca. 1,5 % frå 2020.

Kontrollutvalet
Løyvinga til kontrollutvalet er *redusert med kr 100 000 ut frå tilrådinga frå utvalet. Total løyving til kontrollutval, inkl. revisjon, er kr. 838 939,-.*

Budsjetterte årsverk:

Rådmann og stab	(8,3) Rådmann, organisasjonsjef, IKT-leiar, Tenestetorget.
Økonomiavdelinga	(2,9) Leiar, lønskonsulent, rekneskapskonsulent

6.2 MODNEN BARNEHAGE

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	10 184 683	10 387 683	10 590 683	10 793 683
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	791 700	791 700	791 700	791 700
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	155 000	155 000	155 000	155 000
40-49 Overføringsutgifter	133 976	133 976	133 976	133 976
60-69 Sals- og leigeinntekter	-1 307 100	-1 332 100	-1 357 100	-1 382 100
70-79 Refusjonar	-150 976	-150 976	-150 976	-150 976
	9 807 283	**9 985 283**	**10 163 283**	**10 341 283**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
	0	0	0	0

Overordna mål for barnehagen i perioden 2021

Modnen barnehage skal drivast i samsvar med føremålet i "Lov om barnehager" og retningslinene i Rammeplan 2017.

Kommunen sitt barnehagetilbod er no samla i eit bygg, Modnen barnehage. Stortinget har vedteke ei Rammeplan som vart gjeldane frå 01.08.17. Rammeplanen er ei forskrift til Lov om barnehager, §2 om barnehagen sitt innhald. Synet på barn, og vaksne sitt ansvar for barn sin trivnad, er sterkt vektlagt i den nye rammeplanen, og arbeidet med implementering av rammeplanen vil ha ein sentral plass i personalarbeidet.

Resultatmål – Modnen barnehage

Fokusområde	Resultatmål 2021	Målemetode
Økonomi	• Me skal ikkje ha negativt avvik i høve budsjettet	Budsjettkontroll
Tenesteyting	• Alle som søker innanfor fristen skal få plass • Me skal ha tilstrekkeleg og kvalifisert personale • Me skal bruka dataportalen Vigilo i dagleg kommunikasjon med føresette	Ingen venteliste Ingen dispensasjonssøknader. Brukarundersøking
Arbeidet med borna	• Me skal styrka og utvikla den grunnleggande kompetansen hjå det einskilde barn • Me skal leggja vekt på at barna får vera med å påverka barnehage-dagen ut frå alder og mogning. • Me skal arbeida systematisk med dei sju fagområda i Rammeplanen, med progresjon	Eigenrapportering og foreldresamtaler Årsplan, vekeplanar og pedagogisk årsmelding Årsplan, handlingsplan mot mobbing og månadsplanar

	og ny kompetanse i det pedagogiske arbeidet • Prosjektbasert årsplan Me har vald å jobbe prosjektbasert fordi det har større fokus på barns rett til medverknad og me jobber vidare med det borna er oppteke av. • Satsingsområdet er digital og sosial kompetanse • Me arbeider målretta i personalgruppa med planen; korleis skape eit inkluderande miljø i barnehagen – forebygge mobbing.	Årsplan, månadsplan, månadsbrev og pedagogisk årsmelding, evaluering på avdeling og personalmøte Evaluering, tilbakemelding frå foreldre
Foreldresamarbeid	• Føresette skal få høve til å kome med innspel i barnehagen sin kvardag • Me skal møta føresette med tillit og respekt. Eit positivt samspel mellom heim og barnehage er avgjerande for barnet sin trivnad, tryggleik og utvikling. • Me skal ha inntil to foreldremøte i året • Foreldra skal få tilbod om to foreldresamtalar. • Samarbeidsutvalet har ei aktiv rolle i drifta	Vigilo, foreldremøte, foreldresamtaler Brukarumdersøking, munnleg og skriftleg tilbakemelding Eigenrapportering/årsmelding Web-sak
Medarbeidar/interne prosessar	• Utvikla og vedlikehalda eit arbeidsmiljø med engasjerte vaksne som er til stades for borna, slik at dei kan vera positive og inspirerande modellar • Styraren skal gjennomføra ein medarbeidarsamtale med kvar tilsett i løpet av året • Jobbe for å forebygge sjukefråvær • Me skal ha jamlege personalmøte gjennom året. Møta skal ha fagleg innhald og HMS-tema. • Me skal delta i kompetanse-regionen sine utdanningsprogram, t.d. LUIB for styraren. • Me skal samarbeida med Granvin og Ulvik om gjennomføring av kursdagar og styrarnettverk.	Eigen rapportering/årsmelding, evaluering Eigen rapportering/årsmelding Eigen rapportering/årsmelding Eigen rapportering/årsmelding Eigen rapportering/årsmelding

Samarbeid med andre	• Me skal ha aktivt samarbeid med Lægreid skule, med særleg vekt på overgang barnehage/skule • Leiarmøte barnehage/skule og barnehage/skulefagleg rådgjevar • Styrar skal delta på tverrfagleg møte mellom PPT, barnevern, helse, skule og barnehage. • Eidfjord og Ulvik har felles barnehage- og skulefagleg ansvarleg. • Regionsmøte leiarane i barnehagen,ca 1 gong i månaden	Eigen rapportering/evaluering, årsmelding Referat, evaluering Eigenrapportering/årsmelding
Utviklingsområde	• Implementera ramme-planen • Styrka personalet sin kompetanse kring barn sin digitale og sosiale utvikling. • Prosjektbasert arbeid • Ha fokus på kommunen sin målbruksplan	Eigenrapportering/evaluering, årsmelding Eigenrapportering/evaluering, årsmelding

Budsjettkommentar:
Ved årskifte vil barnehagen gje tilbod til 47 born og 9 born er født i 2015, 10 born er født i 2016, 15 born er født i 2017, 7 born er født i 2018 og 6 born er fødd i 2019. Det byrjar 2 nye born etter nyttår.

Denne hausten har me eit born med trong for spesialpedagogisk tiltak. Dette ha rme løyst ved at den avdelinga det gjeld har redusert barnetal og såleis har tid å setje av tid til bruk av spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen har dei siste åra hatt eit høgt sjukefråvær. Dette er ei utfordring, særleg i høve til stabilitet og nærvær. Både langtids og korttidssjukefråværet har sidan nyttår gått ein del ned, men det har gått litt oppatt tidleg i haust. Dette har nok samanheng med Covid-19, der terskelen for å vere heime no er mindre enn før. Fleire har dessutan måtte teste seg og har måtte vere heime medan dei venter på svar. Det vert jobba målretta med å forebyggje sjukefråværet. Me starta opp med NED prosjektet hausten-19. Dette har me fortset med også denne hausten. Det er eit opplegg i regi av KS og har som målsetjing å redusere sjukefråværet. Me har og eit samarbeid med bedriftshelsetenesta i samband med dette opplegget.

Barnehagen arbeidar målretta for å skape eit inkluderande miljø og hindre mobbing. Me har laga ein eigen plan som vert brukt på personalmøter der det og vert lagt opp til gruppearbeid og gode diskusjonar. Denne hausten har me revidert planen med tanke på endring av barnehagelov som kjem på nyåret. Der vert det lagt vekt på krenkingsomgrepet og barnehagane får ein aktivitetsplikt som skal sikre alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø, og for å hindre utestenging og mobbing er ein viktig medverkande faktor at det er nok tilgjengelege vaksne gjennom heile barnehagedagen.

Satsingsområde digital kompetanse: Modnen barnehage har det siste året og vil framover satse mykje på digital kompetanse i barnehagen. Mange i personalgruppa har vore på kurs og seminar og lært dette vidare til dei andre i personalgruppa. Me har og ein eigen IKT ansvarleg. Me har gått til innkjøp av ulike digitale verktøy og i år fekk me på plass endå ei interaktiv tavle. Noko som gjer at me har dei hjelpemidla me treng for å jobbe godt med digital kompetanse. Me har, grunna covid-19, ikkje fått vore med på dei kursa som var sett opp kring digital kompetanse. Bruk av digitale verktøy i det

pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.

6.3 LÆGREID SKULE

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	20 234 533	20 564 533	20 894 533	21 224 533
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 955 200	2 955 200	2 955 200	2 955 200
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	428 700	428 700	428 700	428 700
40-49 Overføringsutgifter	372 476	372 476	372 476	372 476
60-69 Sals- og leigeinntekter	-860 800	-880 800	-900 800	-920 800
70-79 Refusjonar	-892 476	-892 476	-892 476	-892 476
90-90 Finansieringsinntekter	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
	22 187 633	**22 497 633**	**22 807 633**	**23 117 633**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Kulturskulen overført ansvar kultur/næring og bærekraft	-2 177 489	-2 177 489	-2 177 489	-2 177 489

Me skal leggja til rette for fagleg heilskap gjennom heile skuleløpet, og sjå på skulen som ein lærande organisasjon.

Fokusområde	Resultatmål 2021	Målemetode
Økonomi	Me skal ikkje ha avvik i høve budsjettet	Budsjettkontroll
Brukar	Elevane sin trivsel skal liggja minst på landsgjennomsnittet, og me skal ha ein skule utan mobbing. Me skal liggja over gjennomsnittleg resultat i nasjonale prøvar for lesing, rekning og engelsk. Me skal auka elevane sin motivasjon og læring ved å gjera opplæringa meir praktisk og variert, m.a. gjennom digitale ressursar. Me skal ha eit variert tilbod av aktivitetar i Trivselsprogrammet (TL), fysisk aktivitet og uteskule. Me skal driva haldningsskapande arbeid om klima og miljø-utfordringar gjennom t.d Miljøagentane sine opplegg/aksjonar og i klimatoppmøte. I SFO skal borna få vera med å påverka eigen kvardag når det gjeld innhald av dagen og val av aktivitetar. I SFO skal borna stimulerast til sosial samhandling gjennom ulike aktivitetar og leik.	Elevundersøking/Kvalitetsmelding Elevundersøking/Kvalitetsmelding Nasjonale prøvar/Kvalitetsmelding Årsplan/månadsplan/barnemøte Årsplan/månadsplan

Utviklingsoppgåver	Me skal ha arbeidsmetodar som fremjar erfaringsdeling, refleksjon og samarbeid. Me skal vidareutvikla vår digitale kompetanse. Halde fram arbeidet med visjonen *Læring for framtida*, og verdiane våre hos personalet, føresette og elevar. Me skal innarbeida dei nye læreplanane i skulens praksis.	Eigenrapportering
Medarbeidar/interne prosessar	Me skal ha fokus på erfaringsdeling og samarbeid i personalet og med nabokommunane våre. Sjukefråvær skal liggja under 6% Me skal følgja HMS-handlingplanen. Me skal gjennomføra medarbeidarsamtale kvart år.	Eigenrapportering Fråværsstatistikk og eigenrapportering

Budsjettkommentar

Spesialundervisning
Timar til spesialundervisning er fortsatt høge, men så langt det let seg gjera, så underviser me meir i smågrupper og har tolærarsystem. Dette er i samsvar med intensjonen for spesialundervisning.

Digitalisering
Lægreid skule vil ha fokus på IKT, og at elevar og tilsette har digital kompetanse som gjer at skulen fylgjer med på teknologisk utvikling. Bruk av digitale verkty gir tilsette høve til stor grad av variasjon og tilpassing av undervisninga, og vil gjera det lettare å gi nødvendig støtte og faglege utfordringar til elevar.

Skulen nyttar Visma Flyt Skole som administrativt verkty og til kommunikasjon med føresette. Me skal ha digitale løysingar som gjer skule-heim samarbeidet effektivt og brukarvenleg gjennom skya og via apps. I personalet skal vi halde fram med å finne gode digitale løysingar for å effektivisere arbeidsflyten.

Vidareutdanning *Kompetanse for kvalitet*
For å undervisa i faga norsk, engelsk og matematikk på barnetrinnet må den som skal undervisa ha 30 studiepoeng som er relevante for det aktuelle faget. På ungdomstrinnet må den som skal undervisa ha 60 studiepoeng som er relevante for det aktuelle faget.

Gjennom strategien «Kompetanse for kvalitet» får lærarar tilbod om vidareutdanning i ulike fag fram mot 2025. Studietilboda har eit omfang som går over to semester, og utdanninga får tilskot frå staten gjennom stipend eller vikarordning.

6.4 KULTUR, NÆRING OG BÆREKRAFT

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	4 665 324	4 706 324	4 747 324	4 788 324
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	1 600 257	1 592 257	1 592 257	1 592 257
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	236 000	236 000	236 000	236 000
40-49 Overføringsutgifter	2 305 675	2 305 675	2 305 675	2 305 675
60-69 Sals- og leigeinntekter	-150 600	-150 600	-150 600	-150 600
70-79 Refusjonar	-233 475	-233 475	-233 475	-233 475
90-90 Finansieringsinntekter	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000
	7 123 181	**7 156 181**	**7 197 181**	**7 238 181**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Kulturskulen overført frå ansvar Lægreid skule	2 177 489	2 177 489	2 177 489	2 177 489
Turbibliotek dagstyrhytte	10 000	2 000	2 000	2 000
Tilsyn dagsturhytte	10 000	20 000	20 000	20 000
Tilskot til miljøsertifisering	200 000	200 000	200 000	200 000
Den kulturelle skulesekken (DKS)	15 000	0	0	0

Innhald i tenesteområdet

Einingа omfattar barne- og ungdomsarbeid, folke- og skulebibliotek, kino, museum, kulturminnevern, galleri og kunstformidling, idrett og friluftsliv, allment kulturarbeid , studiesenter, folkehelse, klima og berekraft, arbeid med nærings-/reiseliv og publikumstenester.

Overordna målsetjingar

- Møtet med ulike kunst- og kulturuttrykk retta mot innbyggjarar og besøkande, skal skapa trivsel og utvikla samfunnet positivt.
- Me skal ta vare på kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske bygg og landskap.
- Kulturkontoret har ein rådgjevarrolle for estetisk utforming og møblering av offentleg rom og skilting, i samarbeid med kommunalteknisk drift.
- Me skal ha gode, sosiale møteplassar for born og ungdom og vidareutvikla desse, og gje ungdom moglegheit til å engasjera seg i eigen kvardag og i lokalsamfunnet.
- Biblioteket skal oppfylla krava i *Lov om folkebibliotek* ved å utvikla ulike møteplassfunksjonar, vera debattarena og utvida litteraturformidlinga.
- Me skal tilretteleggja for friluftsliv og turstiar for alle aldersgrupper heile året saman med naturlege samarbeidspartnarar.
- Arbeide med folkehelse gjennom tilrettelegging av turmiljø og aktivitetar.
- Rask sakshandsaming av søknadar til næringsstønad, rettleia og inspirera til kompetanseløft.
- Sørgje for at Eidfjord kommune tek del i den grøne omstillinga gjennom oppfylgjing av tiltak i klima- og energiplanen.

Fokusområde	Resultatmål	Målemetode
Økonomi	1. Me skal ikkje ha avvik i høve budsjettet	Budsjettkontroll
Brukar	1. Oppfylgjing av temaplan for kulturminne og vera pådrivarar for ivaretaking av kulturlandskap og kulturhistoriske verna bygningar. 2. Me skal vera medspelarar for lag, organisasjonar og eldsjeler som tar initiativ til aktivitetar retta mot ålmenta knytt til folkehelsearbeid. 3. Me skal gjennomføra mobbe- og rusførebyggjande informasjonsarbeid for ungdom i samarbeid med oppvekstgruppa. 4. Biblioteket skal tilby eit breitt utval av kulturelle arrangement innanfor scenekunst, musikk og film for innbyggjarar og besøkande. 5. Rettleie innbyggjarar og bedrifter for ein grønare kvardag. 6. Me skal ha rask sakshandsaming av søknadar til næringstøtte. 7. Effektive og saumlause digitale løysingar i møte med innbyggjarane.	Eigenrapport Eigenrapport Ruspolitisk handlingsplan Lov om folkebibliotek Eigenrapport Eigenrapport Eigenrapport
Interne prosessar	1. Me skal halda fristane i årshjulet. 2. Me skal gjennomføra medarbeidarsamtalar slik arbeidsgjevar har bestemt. 3. Sjukefråværet skal liggja under gjennomsnittet i kommunen. 4. Dei tilsette på kulturkontoret skal vera lukkelegare enn gjennomsnittet i kommunen. 5. Tettare tverrsektoriell samhandling for å skapa meir heilskapleg og effektiv sakshandsaming. 6. Tettare samskaping med kulturskulen.	Eigenrapport Medarbeidarsamtale Statistikk Eigenrapport Eigenrapport Eigenrapport
Utviklingsoppgåver	1. Barne og ungdomsarbeidet tar utgangspunkt i lokale og nasjonale undersøkingar som er retta mot barn og ungdom. 2. Vidareføra prosessen med å gjera biblioteket meir tilgjengeleg for publikum. 3. Gjera biblioteket til ein naturleg arena for debatt og ressurs for utvikling av ein lokal debattkultur. 4. Forsterka eksisterande helsefremjande tiltak i tråd med *Lov om folkehelse*. 5. Me skal vera føregangskommune knytt til grøn omstilling.	Eigenrapport Lov om folkebibliotek Lov om folkebibliotek Lov om folkehelse Eigenrapport

Budsjettkommentarar

Miljøsertifisering
Dette fondet skal finansiera interne og eksterne tiltak knytt til Miljøfyrtårn.
I november 2018 vart kommunehuset sertifisert og etter tre år skal denne eininga re-sertifiserast. Dette er eit gunstig tidspunkt for å sertifisera heile kommunen etter hovudkontorprinsipp.
Stønadsordninga for miljøsertifisering av lokale bedrifter og arrangement har vore særs vellykka og per i dag er 6 bedrifter og 2 arrangement anten sertifisert eller i sluttfasen av sertifiseringsprosessen. Denne ordninga vart støtta av fylkeskommunen med kr 200 000,- og lyt vidareførast.
Midlane i dette fondet vil òg kunne brukast som eigenandel i søknader for eksterne midlar.

Skjøtsels Hæreid kulturminneområde
Me har gjennom dei siste 10 åra arbeidd saman med grunneigarar og Fylkeskommunen med opparbeiding og gjennomføring av skjøtselsplan for området. Me har tidligare fått BARK midlar frå riksantikvaren som no er oppbrukt. Det vart sett av kr. 50 000 for 2020 for å fortsetje arbeidet med å skjøtsla området. Det har i år vore eit spesielt år der me ikkje har hatt den flyten i arbeidet som var tiltenkt og ynskjer derfor å overføre midlane til 2021.

Dagsturhytte
Hausten 2019 vart det spelt inn frå politikarar at ein ønskte at me skulle leggja inn dagsturyhytte i handlingsdelen til kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. I mars 2020 vart det politisk vedtak om at Eidfjord skal takka ja til å vera med i Vestland fylkeskommune sitt prosjekt om ein Dagsturhytte i kvar kommune. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar med å finna lokalitet til hytta. Dette er basert på velvilje frå grunneiarar og me har landa på førebels 3 lokalitetar. Det er ulike kostander knytt til kvar ein vel å leggja hytta. Ved å setje av kr. 1 mill har me tatt høgde for det dyraste alterantivet. Deler av beløpet vil me få igjen gjennom mva og tippemidlar, men det må forskuterast. Dagsturhytta kjem april/mai 2021.

Dagsturhytta og tilsyn
Ein del av konseptet med Dagsturhytta er at det inngås tilsynsavtale. Dette er gjort på ulike måter, enten med Turlag, idrettslag, grunneigar, Dagsturhyttens vener og liknande. Kommunen yter eit årleg beløp for den jobben som blir gjort. Beløpet er ca. 20 000 årleg.

Dagsturhytte og bibliotek
Dagsturhytta skal innhalde eit nynorks turbibliotek. Det vert sett av kr. 10 000 til innkjøp av bøker samt kr. 2000 i pr. år for supplering av nye nynorske bøker.

Den Kulturelle Skulesekken (DKS) har i år fått 15.000 mindre i midlar frå fylket for skuleåret 2020/2021 enn tidlegare år. Tildelinga av midlar vart ikkje kunngjort før 23.09 då var alle bestillingar og avtalar gjort for skuleåret, det er difor naudsynt med ei ekstraløyving for 2021.

Fordeling av tilskot på tenester

- Teneste 3859, tilskotsmidlar er avsett slik: kr 60 000,- til frivillige organisasjonar, kr 30 000,- Indre Hardanger Sikringslag , kr 67 000 tilskot til andre.
- Teneste 3770: kr 20 000,- Hardanger kulturråd, kr 10 000,- til andre
  Kr. 15 000 til Hardanger- Berlin, kr. 15 000,- Harding Puls

- Teneste 3800: kr 50 000 tilskot idrettslag, kr. 50 000 skjøtsel av Hæreid kulturminne område, kr 200 00,- tilskot til løypekøyring, kr 190 000,- i tilskot til Sysendalen Skisenter AS
- Teneste 3602: kr 50 000,- vedlikehald turstiar, kr. 20 000 tilsyn av Dagsturhytte, kr. 10 000 til nynorsk turbibliotek.
- Teneste 2313: kr. 15 000 til DKS ekstraløyvingar for 2021.

6.5 PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	28 951 252	29 538 252	29 975 252	30 412 252
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	3 260 400	3 205 400	3 205 400	3 205 400
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	2 008 000	2 008 000	2 008 000	2 008 000
40-49 Overføringsutgifter	471 575	471 575	471 575	471 575
60-69 Sals- og leigeinntekter	-3 180 000	-3 240 000	-3 300 000	-3 360 000
70-79 Refusjonar	-676 575	-676 575	-676 575	-676 575
	30 834 652	**31 306 652**	**31 683 652**	**32 060 652**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Auka lisenskostnad	150 000	150 000	150 000	150 000
Refusjon Voss kommune	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Ny induksjonstopp	55 000	0	0	0

Innhald i tenesteområdet

Pleie og omsorgstenesta omfattar institusjonsbaserte tenester som avdeling for personar med demens og somatiske avdelingar, rehabilitering, palliasjon, avlastning, heimebaserte tenester, omsorgsbustadar hjelpemiddel til korttidsutlån, matombringing, dagopphald, nattopphald og tryggleiksalarmar.

Overordna målsetjing

Kommunen skal yta pleie- og omsorgstenester som gjev tryggleik for rett hjelp til rett tid etter prinsippet om beste effektive omsorgsnivå. (BEON-prinsippet) Tenestene skal sikra alle høve til eit verdig og aktivt liv tilpassa kvar einskild sine evner og situasjon.

Kvalitet på tenestene

Me flytta inn i ny og framtidsretta sjukeheim 3.januar 2019. Her har me 20 sjukeheimsplassar fordelt på 3 avdelingar. Middagsnuten er avdeling for personar med demens og har 6 plassar. Somatisk har to avdelingar- Øktarnuten og Onen - med 7 rom kvar. Desse to avdelingane vert drive som ein avdeling. Omsorgsbustadane er tekne i bruk. Her er det 10 leilegheiter, 6 med inngang via sjukeheimen og 4 med inngang direkte utanfrå. Frå mars 2020 har 2 av leilegheitene og 1 rom på Bygdaheimen vore rekna som ein del av koronaberedskap og har ikkje vore tilgjengeleg for andre. Dette vil halde fram til risiko tilseier noko anna.

Opplevd kvalitet er ein subjektiv størrelse. Det er det berre dei som nyttar tenestene våre som kan sei noko om. Pleie og omsorg har ulike standardar å forhalda seg til som seier noko om kva tenestekvalitet som skal leverast jfr lover og forskrifter. Me arbeider kontinuerleg med kvalitetsforbetring i tenesta. Dette gjer me mellom anna ved å delta på pasientsikkerheitsprogram som Undervisningsjukeheimane tilbyr. I denne samanheng har me gjennomført prosjekta «I trygge hender» som handlar spesielt om legemidlar og rett bruk av desse og «Førebygging og behandling av underernæring»

Me er i gang med prosjekt som «Leve hele livet» og «Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi».

Samhandlingsreforma har funne si form. Me merkar det med rask utskriving frå sjukehuset til sjukeheimen. Pasienten kjem når han er «ferdigbehandla». Det betyr ikkje at han er frisk, ofte betyr det at pasienten er svært sjuk og ofte med kort forventa levetid. Dette set store krav til kvalifisert bemanning og oppdatert personale. Me arbeider kontinuerleg for å skaffa kvalifisert arbeidskraft og dette ser ut til å bli ein utfordring frametter.

I heimetenestene ser me og at både innbyggjarar og «gjestepasientar» med kompliserte sjukdomsbilde som krev sjukepleiarkompetanse aukar. Dette krev meir av tenesta enn det gjorde tidlegare både når det gjeld kvalitet og personell. Her vil ein kunne ha stor nytte av Velferdsteknologi.

Velferdsteknologi er eit satsingsområde for kommunane. Ved hjelp av denne teknologien kan kommunane på ein heilt annan måte enn tidlegare gi dei som måtte trenge det, eit godt og tilpassa pleie- og omsorgstilbod. Alle tilsette som gir tenester etter Helse- og omsorgstenesteloven og brukarar som mottar desse tenestene, samt deira pårørande, vil vera omfatta av velferdsteknologiutviklinga. Eit velferdsteknologisk tilbod gjennom kommunale tenester er spesielt retta mot personar med ulike kroniske sjukdommar eller funksjonsnedsetjingar. Velferdsteknologi kan og fungere som støtte til pårørande og bidra til å forbetre tilgjengelegheit, ressursutnytting og kvalitet på tenestetilbodet. Målgruppa for bruk av velferdsteknologi er imidlertid alle kommunen sine innbyggarar, uavhengig av diagnose og alder. Å ta i bruk velferdsteknologi tidleg bidrar til å førebygge sjukdom og funksjonstap og fremme aktivitet og at folk er sjølvhjelpen.

Resultatmål 2021

Fokusområde	Resultatmål	Målemetode
Økonomi	1. Tenesta skal ha god budsjettkontroll og eit realistisk budsjett.	Kontroll
Brukar	1. Sakshandsamingstida skal ikkje overstiga 14 dagar 2. Iverksetjingstida skal ikkje overstiga 12 dagar, kortare om situasjonen tilseier det	Statistikk Statistikk
Medarbeidar/ Interne prosessar	1. Me skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling i eininga i løpet av året. 2. Sjukefråværet på eininga skal ikkje vera over 4%. 3. Me skal halda fristane i det interne årshjulet 4. Det skal gjennomførast faste avdelingsmøte	Eigenrapportering Fråværsstatistikk Eigenrapportering Eigenrapportering

Utviklingsoppgåver	1. Stortingsmelding 15 «Leve hele livet» er ei kvalitetsreform for eldre. Fokus i dette prosjektet er i fyrste omgang å *Betre livskvaliteten til bebuarane på Bygdaheimen* 2. Prosjektet «Vestlandsprosjektet – saman for velferdsteknologi» skal implementerast. 3. Drift av ny sjukeheim og nye omsorgsbustader skal finna forma si 4. Arbeida vidare med tiltaka i NED-satsinga me har utarbeidd i samband med svært høgt sjukefråvær	Eigenrapportering Eigenrapportering Eigenrapportering Eigenrapportering
Klimaplan	1. Ved innkjøp av nye bilar til plo, skal innkjøp av ein el-bil vurderast.	Eigenrapportering

Budsjettkommentar:

Drift av ny sjukeheim begynnar å finne forma si.
Sjukefråværet har i 3. kvartal gått ned frå 14,35% i 2019 til 8,43% i 2020, slik at me ha mindre utgifter til sjukefråvær så langt. Noko som viser at satsinga på NED prosjektet har hatt effekt. Dette og andre tiltak for å få ned sjukefråværet ytterlegare er eit viktig satsingsområde framover. Me arbeider med å førebyggje muskel – og skjelettplager som er den vanlegaste årsaka til sjukefråvær. I den samanheng har me samarbeid med Bedriftshelse1 og lokal fysioterapeut. Ein forventar likevel at sjukefråvær kan auke noko utover hausten og våren grunna influensasesong og krav om karantene ved luftvegssymptom.
Refusjonar er i år godt over budsjettert.

Utetenesta har, som i fjor hatt stor pågang siste året. Denne etterspørselen fører til at me må bruka meir personell i heimetenesta. Denne tendensen vil truleg vara ved og me ser og at «gjestepasientar» kjem til feriebustadane sine og har rett på tenester frå plo. Desse tenestene er gratis.

Brukarbetalinga er noko lågare enn i fjor, dette er eit resultat av at me har mindre belegg på Bygdaheimen. Dette på grunn av naturlege svingingar.

6.6 HELSETENESTA

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	6 827 403	6 927 403	7 027 403	7 127 403
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	868 800	832 800	832 800	832 800
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	2 224 744	2 224 744	2 224 744	2 224 744
40-49 Overføringsutgifter	244 650	244 650	244 650	244 650
60-69 Sals- og leigeinntekter	-608 000	-618 000	-628 000	-638 000
70-79 Refusjonar	-1 784 650	-1 784 650	-1 784 650	-1 784 650
	7 772 947	**7 826 947**	**7 916 947**	**8 006 947**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Auke refusjon legevaktordninga Voss	312 744	312 744	312 744	312 744
Auka kursmidlar spesialisering	122 000	122 000	122 000	122 000

Innhald i tenesteområdet

Helsetenesta femnar om to legar, èin turnuslege, helsesøster i 60% stilling, fysioterapeutar i tilsaman 160% stilling, psykiatrisk sjukepleiar i 50% stilling, hjelpepersonell (alle sjukepleiarar) på legekontor i tilsaman 200% stilling.

Overordna målsetjing:

Å yta eit godt helsetilbod i rett tid til alle som oppheld seg i kommunen. Tilpassa helsetenestene til Folkehelselova, med auka vekt på førebyggjande tiltak. Dei tilsette i Helseavdelinga skal informere og rettleia den einskilde pasienten, men òg grupper av pasientar, politikarar, administrasjon, andre einingar og andre i kommunen om helsefremjande tiltak. Helseavdelinga skal arbeida for å oppnå målsetnadene i Samhandlingsreforma. Legane må leggja inn pasientar på ØH-senger på Voss Sjukeheim der dette er rett.

Resultatmål 2021

Fokusområde	Resultatmål	Målemetode
Økonomi	1. Tenesta skal ha god budsjettkontroll og eit realistisk budsjett. 2. Leggja vinn på å bruka takstsystemet ("Normaltariffen") for legar optimalt	Kontroll Kontroll
Brukar	1. Ventetid på legetime skal vera maks 5 arbeidsdagar 2. Ventetid på fysioterapi skal vera maks 4 veker 3. Diabetespasientar skal få tilbod om kontroll kvar tredje månad. 4. Pasientar med kroniske lungesjukdomar skal få tilbod om årleg kontroll.	Eigenrapportering Eigenrapportering Eigenrapportering Eigenrapportering
Medarbeidar/ Interne prosessar	1. Me skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling i eininga i løpet av året. 2. Sjukefråværet på eininga skal ikkje vera over 4%. 3. Me skal utarbeide interne årshjulet/HMS -årshjul 4. Det skal gjennomførast faste avdelingsmøte	Eigenrapportering Fråværsstatistikk Eigenrapportering Eigenrapportering
Utviklingsoppgåver	1. Fagutvikling • Dei tilsette skal øva seg på hjarte-lungeredning minimum to gonger årleg. • Samtrening med ambulansen ein dag i månaden • Internopplæring 2. Vidareutdanning og oppretthalde spesialisering til legane våre	Eigenrapportering Eigenrapportering Eigenrapportering

	5. Impelmentere «Trinnvis – styring og kvalitetssystem for helsevirksomheiter» 6. **«Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling»** Dette er eit prosjekt som kommunane og spesialisthelsetenesta gjennom Samarbeidsutvala / Samarbeidsrådet har teke initiativet til og vedteke sett i verk.. Prosjektet er organisert og vert gjennomført som eit endringsprosjekt	Eigenrapportering
Klimaplan	1. Kjeldesortering 2. Mindre bruk av papir	Eigenrapportering

Budsjettkommentarar:

Eidfjord kommune har vore knytt opp mot interkommunal legevakt på Voss sidan 1. januar 2017. Dette har fungert godt. Utgiftene knytt til ny legevaktordning har vore aukande og me ser no på alternativ saman med dei andre kommunane i dette samarbeidet. Me har óg vorte knytt opp mot kommunalt ØH-tilbod (KAD-senger), dette er tenester me er pålagt å yta. Frå og med september 2017 har det óg vore tilbod om ØH-tilbod for pasientar med rusproblem og psykisk sjukdom.

Det kan koma på tale å selja legetenester til andre kommunar, men det er ikkje planar om dette no.

6.7 SOSIAL- OG BARNEVERNSTENESTA

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	1 355 454	1 378 454	1 401 454	1 424 454
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	278 800	278 800	278 800	278 800
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	910 000	910 000	910 000	910 000
40-49 Overføringsutgifter	540 775	540 775	540 775	540 775
50-59 Finansieringsutgifter	15 000	15 000	15 000	15 000
60-69 Sals- og leigeinntekter	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
70-79 Refusjonar	-37 775	-37 775	-37 775	-37 775
90-90 Finansieringsinntekter	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
	3 042 254	**3 065 254**	**3 088 254**	**3 111 254**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
	-	-	-	

Barnevernstenesta
Eidfjord kommune har driftsavtale med Hardanger interkommunale barnevern om kjøp av teneste. Odda er vertskommune.

Overordna mål:
Tenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Bidra til at barn og unge får trygge oppvekstsvilkår.

Sosialtenesta
Sosialtenesta er knytt til NAV Eidfjord av partnarskap mellom Eidfjord kommune og NAV ved tenesteområde Voss/Hardanger.
Sosialleiar har ansvar for kommunale tenester som er lagt til NAV.

Innhaldet i tenesteområdet:

- Økonomisk stønad, gjeldsrådgjeving og lovpålagte oppgåver og rapportering innan Kvalifiseringsprogrammet. (KVP).
- Rettleiing, hjelpetiltak og deltaking i oppfølging av brukara innan legemiddelassistert rehabilitering. (LAR)
- Ansvar for avlastning og omsorgsløn til foreldre med tyngjande omsorgsoppgåver samt ansvar for støttekontaktordning for barn og unge vaksne.
- Oppfølging av søknader og ansvar for rapportering for bustønad overfor Husbanken.
- Oppfølging av søkjarar i Transportordninga for funksjonshemma (TT-ordninga)
- Sakshandsaming og tildeling av parkeringsbevis og følgjekort (ledsagerbevis)
- Deltaking i ulike samhandlingsfora t.d. oppvekstgruppa og statlege samarbeidsfora.
- Oppfølging og mogeleg mottak av nye flyktningar.

Overordna mål:

Tenesta skal sikra at alle brukarar får høve til eit verdig og aktivt liv tilpassa kvar einskild sine evner og situasjon. I dette inngår å fremja økonomisk og sosial tryggleik ved å gje mogelegheit til arbeid, aktivitet, og ha meiningsfull aktivitet/samvær med andre. Borna sine levevilkår skal være i fokus.

Økonomisk stønad.

NAV Eidfjord sosial nyttar staten sine rettleiande satsar som utgangspunkt for tildeling av stønadsbeløpet samt ein individuell og skjønsmessig vurdering i kvar enkelt sak. Det skal være fokus på born i familiar som over lengre tid treng økonomisk stønad

Frå 2017 kom lovendring som medfører aktivitetsplikt for mottak av økonomisk stønad til personer under 30 år. Det vert aktivt nytta arbeidsmarknadstiltak for at brukarar ikkje skal være passive mottakarar av økonomisk sosialhjelp.

Fokusområde	Resultatmål 2021	Målmetode
Økonomi	1. Me skal ikkje ha avvik i høve budsjettet	Budsjettrapport & Budsjettkontroll
Brukar	1 Sakshandsamingstida skal ikkje overstiga 3 veker. 2. Gjennomsnittlege tal for kor nøgde brukarane og dei pårørande er med tenesta. Skal liggja over landsgjennomsnittet 3. Ingen ungdom i Eidfjord under 25 år skal vera utan arbeid eller arbeidsretta aktivitet i meir enn 3 mnd 4. Ingen brukar skal ha økonomisk stønad til livsopphald som einaste inntekt i meir enn 6 månader. 5. Brukarar med samansette behov skal ha tilbod om individuell plan. 6. Brukarar skal vera aktive deltakarar ved tilrettelegging av tenester. 7. Brukarar med samansette behov skal ha fastsette ansvarsgrupper der dei deltek fast i.	Eigenrapport Brukarundersøking NAV Eigenrapport Eigenrapport Eigenrapport
Interne prosessar	1. Sjukefråværet i einingа skal være under gjennomsnittleg sjukefråvær i kommunen. 2. Halda fristar i det interne årshjulet	Statistikk Eigenrapport

Utfordringar:

- Å sikra at brukarar med samansette behov får tilpassa tenester på tvers av einingane.
- Gje rusmisbrukarar tilbod tilpassa den einskilde til m.a. aktivitet og sosiale tilstellingar med andre.
- Å finna gode støttekontaktar og avlastningsheimar for dei som treng det.
- Å få dei som er heilt/delvis utanfor arbeidslivet i meir aktivitet.
- Å ha samarbeid med frivillige organisasjonar.

6.8 DRIFT & FORVALTNING - DRIFT

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	13 964 992	14 205 992	14 446 992	14 687 992
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	10 381 190	9 911 190	9 911 190	9 911 190
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	1 285 500	1 285 500	1 285 500	1 285 500
40-49 Overføringsutgifter	1 372 857	1 372 857	1 372 857	1 372 857
60-69 Sals- og leigeinntekter	-3 395 100	-3 445 100	-3 495 100	-3 545 100
70-79 Refusjonar	-2 130 057	-2 130 057	-2 130 057	-2 130 057
90-90 Finansieringsinntekter	0	0	0	0
	21 479 382	**21 200 382**	**21 391 382**	**21 582 382**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Radontiltak	150 000	0	0	0
2 nye dører Brotkanten omsorgsbustad	250 000	0	0	0
Ny ferist Isdalsvegen	*50 000*	*0*	*0*	*0*

Innhald i tenesteområdet:

- Kommunal bygningsmasse
- Kommunale eigedomar
- Kommunale vegar
- Parkar og grøntområde
- Brann og redningstenesta

Overordna målsetjing:

Me skal driva alle ansvarsområde så effektivt som mogeleg. Dette skal vera til det beste for brukarane, myndigheiter og miljø. Tenestene skal vera så gode som tilgjengelege økonomiske rammer og tilgjengeleg ressursar tillet. Me skal ikkje ha avvik frå gjeldande krav i lover og forskrifter.

Generelt:
Ny bygningsmasse stiller andre krav til driftspersonell enn det har vore tidlegare. Kvalitets og internkontroll er eit satsingsområde. Sortering og handtering av avfall i Eidfjord sentrum bør vera eit fokusområde, både med tanke på miljø og ressursbruk. Kommunale vegar må vedlikehaldast heile året og spesielt dei med auka trafikk frå turistar i sommarhalvåret. Vedlikehald og kartleggjing av bruer i heile kommunen bør prioriterast.

Resultatmål 2021

Fokusområde	Strategi/tiltak	Målemetode
Økonomi	Me skal ikkje ha avvik frå budsjetterte midlar	Budsjettkontroll med oppfylgjing av ulike ansvarsområde.
Personal	Gjennomføra medarbeidarsamtalar ein gong i året.	Eigenrapportering

	Fortsatt jobba med å halda sjukefråværet så lågt som mogeleg, spesielt fokus på reduksjon av sjukefråvær på reinhald. Mål om liggja godt under snittet for kommunen.	Statistikk over fråvær
Kompetanse	Alle tilsette skal ha godkjent kompetanse for dei fagområde som er relevante for den enkelte.	Kompetanseheving
Utviklingsoppgåver	Universell utforming i det offentlege rom.	Tilgjengelegheit for alle.
SD - anlegg	Betre overvåkning av driftssystem i bygningar.	Optimalisert drift og reduserte kostnader.

HMT, miljø og klima

Fokusområde	Strategi/tiltak	Målemetode
HMT	Skal ikkje ha uhell som fører til sjukefråvær. Systematisk jobba med gode rutinar for å sikra eit godt arbeidsmiljø. Betra lokale for driftsavdelinga.	Statistikk fråvær Betre tilpassa lokale.
Straum	Jobba med å redusera straumforbruket i all kommunal aktivitet med 2 % i året. Dette gjeld både bygningar, gateljos og VA anlegg.	Straumforbruk
Transport	Auka andelen nullutsleppskøyretøy.	
Offentleg toalett	Reinhald som har ein kvalitet som me kan forsvara mtp. smittevern og hygiene.	Hyppig nok reinhald.

6.9. DRIFT & FORVALTNING - VATN OG AVLAUP

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	2 285 735	2 285 735	2 285 735	2 285 735
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	3 060 870	3 060 870	3 060 870	3 060 870
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	185 000	185 000	185 000	185 000
40-49 Overføringsutgifter	41 000	41 000	41 000	41 000
60-69 Sals- og leigeinntekter	-13 728 400	-13 998 400	-14 268 400	-14 538 400
	-8 155 795	**-8 425 795**	**-8 695 795**	**-8 965 795**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Vedlikehald VA bygningar Eidfjord	200 000	200 000	200 000	200 000

Innhald i tenesteområdet:

Driva, vedlikehalda og utvikla det kommunale VA infrastrukturen. Anlegg som er knytt til drifta:

- 5 stk vassverk
- 5 stk høgdebasseng
- 5 stk trykkaukestasjonar
- 2 stk kjemisk biologisk avløpsreinseanlegg
- 1 stk kjemisk avløpsreinseanlegg
- 1 stk silanlegg
- 28 avløpspumpestasjonar

Eidfjord har eit stort VA anlegg i forhold til innbyggjartalet pga VA anlegg i Sysendalen.

Overordna målsetjing:
Drikkevatn i heile kommunen skal til alle tider vera heilt trygt å bruka som drikkevatn.
Me skal til ei kvar tid oppfylgja alle krav i lover og forskrifter til vassverk og avløpsreinseanlegg.
Drift av alle deler av VA anlegga skal vera så effektive som mogeleg.
Sørga for naudsynt oppgradering og utskifting av denne kritiske infrastrukturen.

Utfordringar:
Korleis VA anlegg skal utformast i framtida vil verta regulert i revidert versjon av VA normen til Eidfjord kommune. Denne vil sei noko kva kvalitet anlegga skal ha for at dei skal ha gode og framtidsretta løysingar. Det bør vera fokus på driftsmessige gode løysingar i eit langt perspektiv.
Det er for tida ikkje noko reservevasskjelda i nokon av anlegga. Det må koma ein plan på korleis me skal stetta nye krav til reservevassforsyning. Tankbil som i dag stettar krava til reservevannsløysing bør snart bytast ut.

Vedlikehald:
Mykje av bygningane knytt til ansvarsområde 53 (alt utanom Sysendalen) er snart 50 år gamalt og treng oppgradering og vedlikehald. Me ynskjer å fokusera på desse bygningane i 2021.

Resultatmål 2021

Fokusområde	Strategi/tiltak	Målemetode
Økonomi	Me skal ikkje ha avvik frå budsjettet.	Budsjettkontroll

Brukar	Det skal til ei kvar tid vera trygt drikkevatn levert frå kommunalt nett til brukarane. Avløpsreinsing skal til ei kvar tid tilfredstilla krav som er sett.	Vannprøvar Avløpsprøvar
Personal	Gjennomføra medarbeidarsamtalar ein gong i året. Fortsatt jobba med å halda sjukefråværet så lågt som mogeleg. Mål om liggja godt under snittet for kommunen.	Eigenrapportering Statistikk fråvær
Kompetanse	Ha god nok kompetanse til å utføra arbeidsoppgåver. Rekruttering av kvalifisert personell må planleggjast for.	

Miljø og klima

Fokusområde	Strategi/tiltak	Målemetode
Utslepp	Me skal ikkje ha utslepp som går over krav som er sett til avlaupsreinseanlegg.	Måleresultat vannprøvar
Energiforbruk	Me skal optimalisera drift i alle deler av tenesteområdet for å bruka minst mulig energi.	
HMT	Alle oppgåver skal risikovurderast og interne rutinar skal fylgjast.	

6.10 DRIFT & FORVALTNING - FORVALTNING

	2021	2022	2023	2024
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	6 054 952	6 144 952	6 234 952	6 324 952
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	944 100	944 100	944 100	944 100
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	483 000	483 000	483 000	483 000
40-49 Overføringsutgifter	544 900	544 900	544 900	544 900
60-69 Sals- og leigeinntekter	-1 973 200	-2 003 200	-2 033 200	-2 063 200
70-79 Refusjonar	-1 234 900	-1 234 900	-1 234 900	-1 234 900
	4 818 852	**4 878 852**	**4 938 852**	**4 998 852**

Nye tiltak/budsjettendringar

	2021	2022	2023	2024
Geovekst, Norge digitalt, FKB B og C	270 000	0	0	0
Veterinærvaktordninga	150 000	150 000	150 000	150 000

Innhald i tenesteområdet:

Tenesteområdet 60/Forvaltning har ansvar for:

- Planarbeid
- Byggesak
- Landbruksforvaltning
- Miljø og forureining
- Kart og oppmåling
- Matrikkelføring
- Viltforvaltning

Resultatmål 2021

Fokusområde	Strategi/tiltak	Målemetode
Økonomi	Me skal ikkje ha avvik fra budsjett. Få refundert for tenester ein utfører for andre.	Budsjettkontroll
Brukar	Halda saksbehandlingsfristar i alle typer saker. Informera om støtteordningar i landbruket.	Eigenrapportering Elektroniske plattformer
Personal	Gjennomføra årlege medarbeidarsamtaler med alle tilsette. Sjukefråværet skal vera så lågt som mulig og under snittet i kommunen.	Eigenrapportering Statistikk fråvær
Kompetanse	Alle tilsette skal ha kompetanse på eige fagfelt, samt kunnskap om tilgrensande fagfelt.	Årsmelding
Landmålar	Krav til autorisasjon for landmålarar.	Godkjenning.

Utviklingsoppgåver	Leggja til rette for gang-, sykkelstiar og skiløyper. Leggja til rette for sikker ferdsel for mjuke trafikantar.	
Rasfare	Turtnalinuten vil påverka fleire fagfelt. Oppgradering av planar knytt til dette bør prioriterast.	Oppdatert planverk.

Miljø og klima

Fokusområde	Strategi/tiltak	Målemetode
Informasjon	Rettleiing om miljøvenlege ordningar.	
Oljeutskiljar	Kartlegging av bedrifter som har krav om oljeutskillar, og oppfylgjing av krav i forureingisforskrifta.	

Budsjettkommentarar

Kartleggjingskostnader knytt til FKB B og C har vorte utsett til 2020 og 2021. Dette er prosjekt som er utsett frå kartverket, men som skal gjennomførast. Det vil gje kommunen betre kartdata, spesielt for fjellet.

Eidfjord kommune har fått eit fjellparti som får fast overvåkning av NVE, Turtnalinuten. Dette vil innebera at kommunen sitt planverk må oppdaterast for at ytterlegare utvikling i Øvre Eidfjord skal vera mogeleg i framtida.

7. INVESTERINGSBUDSJETTET

HOVEDOVERSIKTER INVESTERING

7.1.1 § 5-5. Bevilgningsoversikt – investering

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Investeringsutgifter						
Investeringar i varige driftsmidlar	75 344 095	26 561 000	14 357 000	19 250 000	21 150 000	500 000
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	492 433	550 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Utlån av eigne midlar	400 000	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000
Avdrag på lån	338 323	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	**76 574 851**	**27 711 000**	**15 457 000**	**20 350 000**	**22 250 000**	**1 600 000**
Investeringsinntekter						
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 265 050	-2 011 000	-739 000	-750 000	-650 000	0
Tilskot frå andre	-15 181 513	0	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidlar	0	-690 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	-1 782 197	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Bruk av lån	-4 436 195	-15 000 000	0	-15 000 000	-15 000 000	0
Sum investeringsinntekter	**-33 664 955**	**-18 201 000**	**-1 839 000**	**-16 850 000**	**-16 750 000**	**-1 100 000**
Videreutlån						
Videreutlån	0	0	2 000 000	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	-2 000 000	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Mottatte avdrag på videreutlån	0	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Netto utgifter videreutlån	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Overføring fra drift og netto avsetn.						
Overføring fra drift	0	-5 950 000	-2 700 000	-1 000 000	0	0
Netto avsetn. bundne inv.fond	-12 018 570	-4 060 000	-9 718 000	-3 000 000	-5 500 000	-500 000
Netto avsetn. ubundet inv.fond	-30 891 326	500 000	-1 200 000	500 000	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overf. fra drift og netto avsetn.	**-42 909 896**	**-9 510 000**	**-13 618 000**	**-3 500 000**	**-5 500 000**	**-500 000**
Framf. til inndekn. i senere år	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

7.1.2 Bevilningsoversikt -investering til fordeling

		Budsjett 2021	*Øk.plan 2022*	*Øk.plan 2023*	*Øk.plan 2024*
Fra bevilgningsoversikt:					
Investeringar i varige driftsmidlar		**14 357 000**	**19 250 000**	**21 150 000**	**500 000**
Fordeling					
10	Dagsturhytta	700 000	0	0	0
10	El-tavle samfunnshus	1 250 000	0	0	0
10	Innføring av Compilo	250 000	0	0	0
15	Sluttføring garasje Eidfjord bygdaheim	500 000	0	0	0
15	Ny bil drift & forvaltning	625 000	0	0	0
15	Digitalisering brannteikningar	187 000	0	0	0
15	Ombygging stellerom Modnen Bhg.	375 000	0	0	0
15	Sysendalen renseanlegg	5 000 000	15 000 000	15 000 000	0
15	Isdøla renseanlegg (tiltak luktreduksjon)	220 000	0	0	0
15	WEB space driftsovervåkning	300 000	0	0	0
15	Utskiftning av kummar i avg.område 53	500 000	500 000	500 000	500 000
15	Reinhaldsmodulen Famacweb	250 000	0	0	0
15	Ny redningsbil (øk.plan)	0	0	750 000	0
15	Reserveaggregat bak komm.huset (øk.plan)	0	0	2 500 000	0
15	Inngjerda kommunalt omr. Lægreid(øk.plan)	0	1 250 000	0	0
15	Sløkkjevatn gamle kyrkja (øk.plan)	0	0	2 400 000	0
15	Ny tankbil (øk.plan)	0	2 500 000	0	0
15	Treningsapparat Bygdahimen	100 000	0	0	0
15	Gateljos Hereidsvegen	200 000	0	0	0
15	Sløkkjevatn gamlekyrkja	2 400 000	0	0	0
15	Tiltak ved sjøbua	1 000 000	0	0	0
15	Forprosjekt idrettshall	200 000	0	0	0
15	Trafikksikringstiltak Øvrehagen	300 000	0	0	0
Sum fordelt		14 357 000	19 250 000	21 150 000	500 000

8. § 5-7 Oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktelsar

	Budsjett 2021	*Øk.plan 2022*	*Øk.plan 2023*	*Øk.plan 2024*
Lån				
Samla lån	139 087 280	146 485 940	153 884 600	146 283 260
Avdrag	7 601 340	8 201 340	8 201 340	8 201 340
Nytt lån	0	0	0	
	139 087 280	131 485 940	123 884 600	116 283 260
Garantiansvar				
Indre Hordaland Miljøverk	131 250	0	0	0
Norsk Natursenter	12 800 000	11 800 000	10 800 000	9 800 000
	12 931 250	11 800 000	10 800 000	9 800 000

9. Prisar på kommunale tenester

	2020	2021
Barnehage		
100 % plass	2 635	2 730
80 % plass	2 108	2 184
60 % plass	1 581	1 638
50 % plass	1 317	1 365
40 % plass	1 054	1 092
søskenmoderasjon 2 born 30 %		
søskenmoderasjon 3 born 50 %		
Varmt skulemåtid		
5 dagar i veka (5-10 klasse)	347	357
4 dagar i veka (1-4 klasse,barnehage)	277	285
SFO		
SFO- tilbod ettermiddag	1 606	1 654
SFO- tilbod morgon	428	440
Pris pr veke i ferie	1 101	1 134
Pris enkeltdagar i ferie	275	283
Reduksjon i pris, leksehjelp etter skuletid	-176	-181
Kulturskulen		
Individuell opplæring pr. år	Gratis	Gratis
Individuell opplæring pr. halvår	Gratis	Gratis
Gruppetilbod pr.år	Gratis	Gratis
Gruppetilbod pr.halvår	Gratis	Gratis
Søsenkemoderasjon 50 %		
Kino		
Vaksen	120	120
Barn	90	90
Bading		
Born (gratis)		
Vaksne	Gratis	Gratis
Bompengar		

Bompengar Tinnhølvegen - pr. tur			200		200
Bompengar Tinnhølvegen - årskort			350		350
Bompengar Tinnhølvegen - årskort utanbygds			750		750
Pleie og omsorg					
Kurdøgnspris kr 3 304,-					
Sal av plassar på sjukeheim pr. døgn			2 600		2 678
Opphald på Bygdaheimen etter 60 dagar					
vert utrekna etter vederlagsforskrifta.					
(etter inntekt)					
Satsar på nattopphald,kortidsopphald,vederlag					
og liknande vert fastsett sentralt kvart år					
* (ikkje vedteke for 2021)					
Dagopphald			0		0
Nattopphald *)			90		90
Kortidsopphald *)			170		170
Middag (levering i heimar/utebrukar som et på heimen)			92		95
Kvelds/frukost			36		37
Middag halv porsjon					
Heimetenester					
Gradert etter inntekt G= Grunnbeløp folketrygd					
2 G (tom kr 201.706,-)	timepris / maksimal sum pr.mnd	86	210	89	216
2-3 G (kr 201.706,- – 302.559,-)	timepris / maksimal sum pr.mnd	86	680	89	700
3-4 G (kr 302.559,- – 403.412,-)	timepris / maksimal sum pr.mnd	164	1 294	169	1 333
4-5 G (kr 403.412,- – 504.265,-)	timepris / maksimal sum pr.mnd	226	1 792	233	1 846
5-6 G (kr 504.265,- –605.118,-)	timepris / maksimal sum pr.mnd	284	2 241	293	2 308
Over 6 G (over kr 605.118,-)	timepris / maksimal sum pr.mnd	254	2 797	262	2 881
Husleige – omsorgsbustadar					
Husleige (gjengs leie) pr. m2 pr. månad			84		86
Månadsleige bustad på 59 m2			4 956		5 074
Månadsleige bustad på 91 m2			7 644		7 826
Husleige – kommunale bustadar					
Husleige (gjengs leie) pr. m2 pr. månad			84		86
Månadsleige bustader på 100 m2			8 400		8 600
Havneprisar Eidfjord Cruisehavn					
Skip ved kai					

ISPS call fee per GRT	0,25		0,25
ISPS quay fee per GRT	1		1
ISPS passenger fee per pax	15		15
Skip ved anker			
Service fee per pax	20		20
Fixed rate for prep.work	800		800
Vatn per m3	20		20
Kommunale avgifter			
(alle beløp er inkl. mva)			
IHM-p.t ikkje vedteke for 2021			
Småhushald	3 118		3 165
Småhushald m/kompostering	2 228		2 260
Normalhushald	4 454		4 521
Normalhushald m/kompostering	3 118		3 168
Storhushald	6 015		6 105
Storhushald m/kompostering	4 454		4 526
Fritidsbustadar låg sats	1 115		1 130
Fritidsbustadar middels sats	2 005		2 034
Fritidsbustadar høg sats	3 118		3 165
Årsavgift feiing, bustadhus (feiing 2 kvart år,tilsyn 4 kvart år)	462		476
Årsavgift feiing, hytter/fritidshus (feiing/tilsyn 4 kvart år)	262		270
Slamtømming			
(alle beløp er inkl. mva)			
0-4 kubikk	1 067		1 099
4-6 kubikk	1 550		1 597
6-8 kubikk	1 727		1 779
8-10 kubikk	2 046		2 107
Tett tank 6 kubikk	2 027		2 088
Pris pr kubikk over 6 kubikk	337		347
Tømming anna kvart år			
Gebyrregulativ med unntak av Sysendalen			
(alle beløp er inkl. mva)			
Bruksareal (BRA) utrekna etter Norsk standard			
3940 er grunnlag for utrekning av arealet.			
Årsavgifta er forbruksavgift.			
Vassavgift bustad og fritidsbustad 0 - 250 m2	3 673		3 783

Vassavgift bustad og fritidsbustad 251 – og oppover	5 877	6 053
Kloakkavgift bustad og fritidsbustad 0 - 250 m2	3 673	3 783
Kloakkavgift bustad og fritidsbustad 251- og oppover	5 877	6 053
Vassavgift næring 0 - 500 m2	3 673	3 783
Vassavgift-næring 500-650kvm	5 877	6 053
Avlaupsavg. næring 0 - 500 m2	3 673	3 783
Avlaupsavg.-næring 500-650 kvm	5 877	6 053
(auka sats pr 150 m2)		
Tilknytingsavgift vatn	21 097	21 729
Tilknytingsavgift avlaup	21 097	21 729

Særlege vilkår:
For hytter og bustadar med fleire einingar
skal det reknast tilknytningsgebyr for kvar eining
etter vanlege reglar.

Gebyrregulativ Sysendalen avgiftsområde

(alle beløp er inkl. mva)

Bruksareal (BRA) utrekna etter Norsk standard 3940 er grunnlag for utrekning av arealet.
Årsavgifta er forbruksavgift.

Vassavgift bustad og næring 0 – 250 m2	4 405	4 537
Vassavgift bustad og næring 251 – og oppover	5 287	5 445
Avlaupsavg. bustad og næring 0 - 250 m2	4 405	4 537
Avlaupsavg. bustad og næring 251- og oppover	5 287	5 445
Vassavgift fritidsbustad inntil 100 m2	4 050	4 171
Vassavgift fritidsbustad frå 100m2 til 150 m2	4 847	4 992
Vassavgift fritidsbustad frå 151 og oppover	5 726	5 897
Avlaupsavg. fritidsbustad inntil 100 m2	4 050	4 171
Avlaupsavg. fritidsbustad frå 100m2 til 150 m2	4 847	4 992
Avlaupsavg. fritidsbustad frå 151 og oppover	5 726	5 897
Tilknytingsavgift vatn	48 262	43 435
Tilknytingsavgift avlaup	41 367	50 675

Særlege vilkår:
For hytter, bustadar og leiligheter med fleire einingar skal det reknast tilknytningsgebyr for kvar eining etter vanlege reglar.

Gebyrforskrift for plan- byggje-, matrikkellovs,- seksjonering-, landbruks-, og forureiningssaker

Vedteke i Eidfjord kommunestyre med heimel i plan- og bygningsloven § 33-1, forurensningsloven § 52a, forurensningsforskriften §§ 2-12, 7-5 og 11-4, matrikkellova § 32, eierseksjonsloven § 15, forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2, den 18.06.2018

Innhald

§ 1 Generelle føresegner 61
1.1 Kva for gebyrforskrift skal nyttast ... 61
1.2 Betalingsplikt ... 61
1.3 Betalingstidspunkt ... 61
1.4 Faktureringstidspunkt ... 61
1.5 Fritak frå og reduksjon av gebyr ... 62
1.6 Klage ... 63
1.7 Søknadar som vert trekte, returnerte, avviste eller fører til avslag ... 63
1.8 Timepris ... 63
1.9 Endring av gebyrforskrifta ... 63
§ 2 Plangebyr, jf. pbl. § 33-1 63
2.1 Gebyr etter planområdet sitt areal - Grunngebyr ... 64
2.2 Saker som fell under forenkla planprosess, pbl § 12-14 (2) ... 64
2.3 Oppstartsmøte og undervegsmøte, pbl. § 12-8 (1) ... 64
2.4 Forslag til planprogram eller utgreiingsprogram, pbl. § 12-9, § 14-2 ... 64
2.5 Konsekvensutgreiing, pbl § 4-2 (2) med forskrift, pbl kpt 14 ... 64
2.6 Kommunal bistand til konsekvensutgreiing ... 64
2.7 Møte i regionalt planforum, pbl § 5-3 ... 65
§ 3 Gebyr for dispensasjonssøknadar, pbl § 33-1 65
§ 4 Byggjesaksgebyr, pbl § 21-4 jf. § 33-1 65
4.1 Søknadspliktige tiltak som krev ansvarleg føretak, § 20-3 jf § 20-1 ... 65
4.2 Søknadspliktige tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå for, pbl § 20-4 ... 66
4.3 Godkjenning av ansvarsrett, pbl § 21-4 (2) ... 66
4.4 Søknad om endring, pbl § 33-1, § 21-4 (1) jf § 21-2 ... 66
4.5 Søknad om fleire tiltak i same søknad ... 66
§ 5 Gebyr i matrikkelsaker, matrikkelforskrifta § 16, jf. matrikkellova § 36 67
5.1 Generelt om matrikkelsaker ... 67
5.2 Oppretting av grunneigedom, festegrunn, uteareal til eigarseksjon og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn ... 67
5.3 Oppretting av anleggseigedom ... 67
5.4 Registrering av jordsameige ... 67
5.5 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF) ... 67
5.6 Grensejustering av grunneigedom, festegrunn, jordsameige ... 67
5.7 Grensejustering av anleggseigedom ... 68
5.8 Arealoverføring grunneigedom, festegrunn, jordsameige ... 68
5.9 Volumverføring anleggseigedom ... 68
5.10 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning (kartforretning) ...
5.11 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt ...
5.12 Klarlegging av rettigheitar ...
5.13 Privat grenseavtale ...
5.14 Matrikkelføring som eiga sak ...

5.15 Utsending av matrikkelbrev jf matrikkelforskr § 16 (4) .....
§ 6 Seksjoneringsgebyr, eierseksjonsloven § 15
6.1 Søknad om seksjonering eller reseksjonering .....
§ 7 Konsesjons- og delingsgebyr i saker etter konsesjonsloven av 2003 og jordlova § 12
§ 8 Forureiningsgebyr, forurensningsloven § 52a og forurensningsforskriften §§ 2-12, 7-5, -4, jf. forurensningsloven § 52a
8.1 Gebyrsatsar nye utsleppsløyve, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a.....
8.2 Gebyrsatsar endring av utsleppsløyve, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a .....
8.3 Kontrolltiltak, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a.....
8.4 Sakshandsaming og kontroll i saker om lokal luftkvalitet .....
8.5 Sakshandsaming og kontroll i saker om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid.....
8.6 Sakshandsaming og kontrolltiltak i øvrige saker etter forurensningsloven der kommunen er forureiningsmynde .....
§ 9 Ikraftsetjing 70

§ 1 Generelle føresegner

1.1 Kva for gebyrforskrift skal nyttast
Gebyra skal reknast ut etter den forskrifta som gjeld den datoen kommunen tek imot ein fullstendig søknad eller rekvisisjon.

1.2 Betalingsplikt
Den som får utført tenester som nemnt i denne forskrifta, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene her. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavaren, rekvirenten, forslagsstillaren, eller den som har bede om å få utført det aktuelle arbeidet. Dersom gebyret skal betalast av andre enn dei som er nemnt over, må dette stadfestast skriftleg av vedkomande som skal betala fakturaen.

Kommunen held seg til *ein* tiltakshavar/rekvirent/forslagsstillar, og vil senda ein faktura. Ved fleire tiltakshavarar, rekvirentar eller forslagsstillarar, vert desse rekna som solidarisk ansvarlege for gebyret.

Dersom tiltakshavar/rekvirent/forslagsstillar av ulike årsaker har betalt for mykje i gebyr, skal kommunen så snart tilhøvet er klarlagt, betala tilbake det beløpet som er betalt for mykje.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

1.3 Betalingstidspunkt

Gebyr skal betalast 14 dagar etter fakturadato.

Klage på vedtak medfører ikkje utsett betalingsfrist.

Klage på fastsetjinga at eit gebyr, eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for gebyr, medfører ikkje utsett betalingsfrist.

1.4 Faktureringstidspunkt

Gebyr for ulike sakstypar vert fakturert som følgjer:

Plansaker:

- *Grunngebyret:* Grunngebyret vert fakturert når vedtak om utlegging til offentleg høyring vert fatta.
- *Oppstartsmøte og undervegsmøte:* Gebyr for dette vert fakturert når møtet er gjennomført.
- *Planprogram:* Gebyr for dette vert fakturert når vedtak om å leggja forslaget ut til offentleg høyring vert fatta.
- *Konsekvensutgreiing:* Gebyr for dette vert fakturert når vedtak om å leggja forslaget ut til offentleg høyring vert fatta.
- *Kommunal bistand til konsekvensutgreiing:* Gebyr for dette vert fakturert når kommunen sitt arbeid er utført.
- *Møte i regionalt planforum:* Gebyr for dette vert fakturert når møtet er halde.

Byggjesaker:

- *Byggje- og delesaksgebyr* vert fakturert når endeleg vedtak er fatta i saka. Løyve i byggje- og delesaker vert gjeve på vilkår av at gebyret er betalt innan fakturaen sin betalingsfrist jf. pbl § 21-4 (5) jf. § 33-1.
- I dei sakene der delesøknaden også inneheld rekvisisjon til oppmåling, kan delesaksgebyret og oppmålingsgebyret verta fakturert samstundes.

Saker etter matrikkellova:

- Gebyret vert som hovudregel fakturert på forskott jf. matrikkelforskr. § 16 (5) jf. matrikkell. § 32. Først når gebyret er betalt vert saka lagt vidare til handsaming. Der storleiken på gebyret ikkje kan fastsetjast før etter gjennomført arbeid, skal det fakturerast 70 % av forventa gebyrsats. I dei sakene som skal fakturerast etter medgått tid, kan gebyret sendast ut etter at arbeidet er gjennomført.
- *Tinglysingsgebyr og dokumentavgift* vert innkravd samstundes med ovannemnde gebyr, med unntak av arealoverføringar, der dokumentavgifta er ukjent. I desse sakene vert dokumentavgifta sendt ut i eigen faktura etter tinglysing.

Seksjoneringssaker:

- *Seksjoneringsgebyr* vert fakturert på forskott jf. eierseksjonsloven § 15. Først når seksjoneringsgebyret er betalt, vert saka handsama. Tinglysingsgebyr vert innkravd samstundes med seksjoneringsgebyret.

Konsesjonssaker:

- *Konsesjonsgebyr* vert fakturert når vedtak er fatta.

Generelt for alle sakstypar:

- *Saker som vert trekte, returnerte eller avviste*: Gebyr vert fakturert når saka vert avslutta utan realitetsvedtak dersom gebyr ikkje allereie er forskottsfakturert.
- For *arbeid som skal betalast etter brukte timeverk*, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulera gebyret.
- Ved *store oppdrag* kan kommunen skriva ut rekning på utførte delar av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

1.5 Fritak frå og reduksjon av gebyr

Dersom eit gebyr er openbert urimeleg på grunn av saka sin art, mengd arbeid og kostnadane kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetja eit høveleg gebyr. Det same gjeld der eit gebyr vert sett på som openbert urimeleg av andre grunnar enn dei som er nemnde over.

Rådmannen eller den som han gjev fullmakt kan også setja ned gebyret der dei same føresetnadane som i avsnittet over ligg føre, og kommunen har motteke grunngjeven søknad om redusert gebyr frå den som har motteke krav om betaling.

1.6 Klage
Enkeltvedtak fatta i medhald av gebyrforskrifta kan påklagast. Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans.

1.7 Søknadar som vert trekte, returnerte, avviste eller fører til avslag
Det vert kravd gebyr tilsvarande 1 time for saker som vert returnerte som ikkje søknadspliktige, eller som av andre grunnar ikkje kan eller skal handsamast av kommunen.

Det vert kravd halvt gebyr for byggje-, dele- og dispensasjonssøknadar som vert trekte før vedtak er fatta.

Når ein tiltakshavar/forslagsstillar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid vert arbrote og ikkje kan fullførast, kan tiltakshavar/forslagsstillar/rekvirent søkja om å få tilbakebetalt inntil 50 % av førehandsbetalt gebyr. Det same gjeld der det er søkt om rammeløyve etter byggjesaksreglane, men det ikkje vert søkt om igangsetjingsløyve innan rammeløyvet går ut.

Det vert kravd halvt grunngebyr for planforslag som vert trekt før saka er lagd ut til offentleg høyring. Det vert også kravd halvt grunngebyr når ei sak må verta avslutta som uaktuell som følgje av manglande oppfølging frå forslagsstillar.

Det vert kravd halvt gebyr for saker som fører til avslag. Ved fornya eller retta søknad, der denne vert godkjent, vert det kravd 70 % gebyr.

1.8 Timepris
Timepris vert fakturert som følgjer:

Kontorarbeid pr time	650,-
Feltarbeid i oppmålingssaker pr time	1.000,-
Feltarbeid i andre enn oppmålingssaker pr time	850,-

Satsen for feltarbeid skal dekka alle eventuelle ekstrakostnadar med kost og transport.

Satsane for timepris her gjeld kun for saker som gjeld myndigheitsoppgåver. Mva er ikkje del av desse satsane, og vert ikkje fakturert her.

Der kommunen må engasjera sakkunnig hjelp til naudsynte utgreiings- og kontrolloppgåver som den ikkje kan handtera sjølv, skal kommunen varsla tiltakshavar i forkant og avtala pris for dette.

1.9 Endring av gebyrforskrifta
Justering av gebyrsatsane vert vedteke av kommunestyret årleg. Justeringane vert gjort i samband med handsaming av økonomiplan og budsjett for komande år.

§ 2 Plangebyr, jf. pbl. § 33-1

Punkt 2.1 gjeld private forslag til detaljreguleringsplan eller endring av gjeldande reguleringsplan etter pbl. kpt 12, med unnatak av pbl. § 12-14 (2) om forenkla planprosess.

Dersom saka gjeld ei endring i eksisterande reguleringsplan, og der endringa kan gjerast med forenkla planprosess etter pbl § 12-14 (2), gjeld pkt 2.2 i staden for grunngebyret i punkt 2.1:

2.1 Gebyr etter planområdet sitt areal - Grunngebyr

A For areal til og med 20 daa	35.000,-
B For areal frå 21, og til og med 100 daa	50.000,-
C For areal frå 101, og til og med 500 daa	70.000,-
D For areal over 500 daa skal det betalast eit tillegg pr påbegynt 10 daa utover gebyret som nemnt i **C**	1.000,-

I grunngebyret inngår kommunen sine oppgåver i samband med mottak og kontroll av planforslag og kart, eventuell synfaring, høyring og offentleg ettersyn, dessutan merknadshandsaming.

Følgjande reguleringsføremål vert unnatekne gebyr, og areala for desse skal trekkast frå samla areal for planforslaget: alpinområde og areal til skianlegg som allereie har vore regulert til dette, og som framleis skal vera det i ny/endra plan; offentlege samferdsleanlegg og offentleg teknisk infrastruktur; grøntstruktur; landbruks-, natur- og friluftsføremål; bruk og vern av sjø og vassdrag. Sjå pbl § 12-5 pkt 1, 2, 3, 5 og 6.

2.2 Saker som fell under forenkla planprosess, pbl § 12-14 (2)

A. Vurdering av om søknad kan verta handsama ved forenkla planprosess	1.500,-
B Handsaming av ei sak ved forenkla planprosess	15.000,-

I tillegg til gebyr etter anten punkt 2.1 eller punkt 2.2 kjem følgjande gebyr, i den grad det er aktuelt i den einskilde saka:

2.3 Oppstartsmøte og undervegsmøte, pbl. § 12-8 (1)

A Oppstartsmøte og undervegsmøte, jf § 12-8	3.500,-

2.4 Forslag til planprogram eller utgreiingsprogram, pbl. § 12-9, § 14-2

A Kommunen si handsaming av planprogram etter § 12-9 eller utgreiingsprogram etter § 14-2	5.000,-*

*Prisen omfattar eit dagsverk. Arbeid utover dette vert fakturert etter medgått tid. Timepris.

2.5 Konsekvensutgreiing, pbl § 4-2 (2) med forskrift, pbl kpt 14

A Kommunen si handsaming av naudsynt konsekvensutgreiing, anten med heimel i pbl § 4-2 (2), eller særskilt der kommunen er ansvarleg mynde for tiltak som nemnt i vedlegg I og II til forskrift om konsekvensutredninger (FOR-2017-06-21-854)	5.000,-*

* Prisen omfattar eit dagsverk. Arbeid utover dette vert fakturert etter medgått tid. Timepris.

2.6 Kommunal bistand til konsekvensutgreiing

A Kommunen si handsaming der forslagsstillar ønskjer hjelp frå kommunen til konsekvensutgreiing i samband med utarbeiding av reguleringsplan	Fakturerast etter medgått tid. Timepris

2.7 Møte i regionalt planforum, pbl § 5-3

A Deltaking i møte i regionalt planforum	15.000,-

§ 3 Gebyr for dispensasjonssøknadar, pbl § 33-1

Gebyrreglane her gjeld søknad om dispensasjon frå både lov og plan.

Dispensasjonsgebyret kjem i tillegg til gebyret for sjølve byggjesaks- eller planhandsaminga.

A Søknad som krev uttale frå andre mynde, jf. pbl § 19-1 siste setning	11.000,-
B Søknad som ikkje krev uttale frå andre mynde	5500,-
C Søknad som gjeld dispensasjon frå veglova § 30, jf. vegl § 34 (2)	5500,-

§ 4 Byggjesaksgebyr, pbl § 21-4 jf. § 33-1

Eit byggjesaksgebyr dekker eitt tiltak. Ved samla søknad om frådeling av fleire tomter, reknast kvar nye tomt/eigedom som eitt tiltak.

Ein førehandskonferanse, eitt rammeløyve, eitt igangsetjingsløyve, eitt bruksløyve, ein ferdigattest, matrikkelføring og eventuelt tilsyn er inkludert i gebyrsatsane for dei ulike tiltaka.

I dei sakene der det vert gjeve rammeløyve, er eitt igangsetjingsløyve dekt av gebyret. Ytterlegare igangsetjingsløyve utover det som er inkludert i gebyret vert fakturert for seg etter timepris.

Ved brot på byggjesaksreglane i plan- og bygningslova, gjeld handhevingsreglane i lova sitt kapittel 32 med forskrifter.

4.1 Søknadspliktige tiltak som krev ansvarleg føretak, § 20-3 jf § 20-1

Type tiltak	*Tiltakskl.*	*Sats*
A Nybygg, tilbygg, påbygg, underbygg av bygning, konstruksjon, eller anlegg	1	9.000,-
	2	18.000,-
	3	36.000,-
B Vesentleg endring/reparasjon av tiltak som nemnt i A	1	4.500,-
	2	9.000,-
	3	18.000,-
C Fasadeendring		3.500,-
D Bruksendring, vesentleg utviding av tiltak som nemnt i A		3.500,-
E Riving av tiltak som nemnt i A		3.500,-
F Oppføring, endring, reparasjon av byggtekniske installasjonar	1	3.500,-
	2	4.500,-
	3	6.000,-

G Oppdeling eller samanføying av brukseiningar i bustadar	1	3.500,-
	2	6.000,-
	3	9.000,-
H Oppføring av innhegning mot veg		2.500,-
I Plassering av skilt/reklame		2.500,-
J Plassering av mellombels bygning, konstruksjon, anlegg		3.500,-
K Vesentleg terrenginngrep	1	3.500,-
	2+3	6.000,-
L Anlegg av veg kortare enn 1 km, p-plass mindre enn til 10 bilar og landingsplass		3.500,-
M Anlegg av veg lenger enn 1 km, p-plass større enn til 10 bilar		7.000,-
N Stikkleidning 1 eining		1.500,-
O VA-leidningar 2-5 einingar		5.000,-
P VA-leidningar 6-15 einingar		9.000,-
Q VA-leidningar 15+ einingar		18.000,-

4.2 Søknadspliktige tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå for, pbl § 20-4

A Mindre tiltak på bebygd eigedom	2.500,-
B Vanleg driftsbygning i landbruket	2.500,-
C Mellombelse bygningar, konstruksjonar, anlegg som ikkje skal plasserast lengre tid enn 2 år	2.500,-
D Oppretting av grunneigedom, anleggseigedom, jordsameige, eller oppretting av ny festegrunn for bortfeste i meir enn 10 år, eller arealoverføring etter matrikkellova.	4.000,-
E Andre mindre tiltak som tiltakshavar etter kommunen sitt skjønn kan stå føre	2.500,-

4.3 Godkjenning av ansvarsrett, SAK10 § 6-8

A Godkjenning av ansvarsrett som sjølvbyggjar. Tiltaksklasse 1	1.000,-

4.4 Søknad om endring, pbl § 33-1, § 21-4 (1) jf § 21-2

A Søknad om endring av løyve	2.000,-

4.5 Søknad om fleire tiltak i same søknad

A Fleire tiltak som nemnt i pbl § 20-1 bokstavane a-l	Det vert fakturert 70 % av gebyret for kvart av tiltaka.
B Fleire tiltak som nemnt i pbl § 20-1 bokstav m **Tal tiltak**	Rabatt går fram av tabellen: **Det vert fakturert følgjande prosent av full pris:**
1	100 %
2-5	95 %
6-10	90 %
11-20	80 %
21-30	70 %
Fleire enn 30 tiltak	60 %

§ 5 Gebyr i matrikkelsaker, matrikkelforskrifta § 16, jf. matrikkellova § 36

5.1 Generelt om matrikkelsaker
I saker som ikkje krev feltarbeid vert det fakturert 60 % av vanleg gebyrsats for den aktuelle sakstypen etter satsane i pkt 5.2 – 5.10.

Pkt 5.10 og 5.11 gjeld grensepunkt per eigedomsnummer.

Dersom rekvirenten tingar fleire forretningar i same søknad, kan det gjevast rabatt etter følgjande tabell. Vilkåret for å få rabatt er at forretningane ligg i same felt (reguleringsplan) og at dei kan gjennomførast samstundes. Satsane for kvantumsrabatt gjeld berre for dei forretningane som krev feltarbeid.

Tal saker	Det vert fakturert følgjande prosent av full pris
1	100 %
2-5	95 %
6-10	90 %
11-20	80 %
21-30	70 %
Fleire enn 30 saker	60 %

5.2 Oppretting av grunneigedom, festegrunn, uteareal til eigarseksjon og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

A Areal 0-50 kvm og punktfeste	7.500,-
B Areal 51-250 kvm	9.000,-
C Areal 251-500 kvm	10.500,-
D Areal 501-2000 kvm	19.500,-
E Areal frå 2001 kvm og oppover. Pris per kvm. Dette kjem i tillegg til pris etter **D**	1.500,-

5.3 Oppretting av anleggseigedom

A Volum 0-2000 kubikkmeter	10.500,-
B Volum 2001-10.000 kubikkmeter	19.500,-
C Volum frå 10.001 kubikkmeter og oppover. Pris per kubikkmeter. Dette kjem i tillegg til pris etter **B**	1.500,-

5.4 Registrering av jordsameige

A Gebyr fakturert etter medgått tid. Timepris	

5.5 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF)

A Pris som etter punkt 5.2 A-E	Sjå pkt 5.2 A-E
B Tilleggsgebyr per matrikkeleining	4.000,-

5.6 Grensejustering av grunneigedom, festegrunn, jordsameige

A Areal 0-50 kvm	4.500,-
B Areal 51-250 kvm	6.500,-
C Areal 251 kvm og oppover	10.500,-

5.7 Grensejustering av anleggseigedom

A Volum 0-250 kubikkmeter	7.500,-
B Volum 251-1000 kubikkmeter	15.000,-

5.8 Arealoverføring grunneigedom, festegrunn, jordsameige

A Areal 0-50 kvm	7.500,-
B Areal 51-250 kvm	9.000,-
C Areal 251-500 kvm	10.500,-
D Areal 501-2000 kvm	19.500,-
E Arealoverføring per nye påbegynte 1000 kvm kjem i tillegg til pris etter **D**	1.500,-

5.9 Volumverføring anleggseigedom

A Volum 0-250 kubikkmeter	10.500,-
B Volum 251-500 kubikkmeter	12.500,-
C Volum 501-2000 kubikkmeter	19.500,-
D Volumoverføring per nye påbegynte 1000 kubikkmeter kjem i tillegg til pris etter **C**	1.500,-

5.10 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning (kartforretning).

A For inntil to punkt	4.500,-
B For kvart overskytande grensepunkt	1.500,-

5.11 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt

A For inntil to punkt	8.500,-
B For kvart overskytande grensepunkt	1.500,-

5.12 Klarlegging av rettigheitar

A Klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid, jf. punkt 1.8	

5.13 Privat grenseavtale

A Privat grenseavtale vert fakturert etter medgått tid, jf. punkt 1.8	

5.14 Matrikkelføring som eiga sak

A Der oppmålingsforretninga er utført av anna instans vert gebyr for føring av matrikkel fakturert etter medgått tid, jf. punkt 1.8 (gjeld ikkje saker frå jordskifteretten)	

5.15 Utsending av matrikkelbrev jf matrikkelforskr § 16 (4)

A Matrikkelbrev inntil 10 sider	175,-
B Matrikkelbrev meir enn 10 sider	350,-

§ 6 Seksjoneringsgebyr, eierseksjonsloven § 15

Gebyr etter denne lova omfattar kommunen si handsaming og utsteding av matrikkelbrev jf. § 18.

Oppmålingsgebyr kjem i tillegg til gebyra nemnt under, dersom dette er naudsynt i den einskilde saka. Oppmålingsforretning skal haldast der seksjonane skal ha utendørs tilleggsdelar. Gebyrsatsane for oppmåling kjem fram under § 5 Gebyr i matrikkelsaker.

6.1 Søknad om seksjonering eller reseksjonering

A 1-5 seksjonar	13.500,-
B 5-10 seksjonar	15.000,-
C 10-20 seksjonar	20.000,-
D Fleire enn 20 seksjonar	30.000,-*

*Dersom seksjoneringssaker som gjeld meir enn 20 seksjonar medfører arbeid utover 50 timer, vert overskytande arbeid fakturert etter timepris, jf. punkt 1.8.

§ 7 Konsesjons- og delingsgebyr i saker etter konsesjonsloven av 2003 og jordlova § 12

Gebyrsatsen følgjer beløpa nemnt i forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker (FOR-2011-12-14-1336) § 2 (1) og (2).

Pr 2018 er satsane 5000 kr for handsaming av konsesjonssaker etter konsl §§ 2 og 3, og 2000 kr for handsaming av søknadar om delingssamtykke etter jl § 12.

§ 8 Forureiningsgebyr, forurensningsloven § 52a og forurensningsforskriften §§ 2-12, 7-5, 11-4, jf. forurensningsloven § 52a

Gebyr etter forurensningsforskriften § 11-4 omfattar handsaming av søknad om utslipp av høvesvis sanitært, kommunalt og oljehaldig avløpsvatn etter forskrifta sine §§ 12-4, 13-4 og 15-4, påslippssvedtak etter § 15A-4, og kontrolltiltak.

Gebyr etter forurensningsforskriften § 7-5 omfattar sakshandsaming og kontroll av krav som er gjevne i medhald av forskrifta sitt kapittel 7 om lokal luftkvalitet.

Gebyr etter forurensningsforskriften § 2-12 omfattar sakshandsaming og kontroll av krav som er gjevne i medhald av forskrifta sitt kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid.

8.1 Gebyrsatsar nye utsleppsløyve, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a

A Anlegg der utsleppet er kalkulert til ≤ 15 pe	3.600,-
B Anlegg der utsleppet er kalkulert til 16 – 50 pe	6.100,-
C Anlegg der utsleppet er kalkulert til 51 – 100 pe	9.700,-
D Anlegg der utsleppet er kalkulert til 101 – 1000 pe	18.200,-
E Anlegg der utsleppet er kalkulert til > 1001 pe	36.300,-

8.2 Gebyrsatsar endring av utsleppsløyve, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a

A Anlegg der utsleppet er kalkulert til ≤ 15 pe	3.000,-
B Anlegg der utsleppet er kalkulert til 16 – 50 pe	5.400,-
C Anlegg der utsleppet er kalkulert til 51 – 100 pe	9.100,-
D Anlegg der utsleppet er kalkulert til 101 – 1000 pe	14.500,-
E Anlegg der utsleppet er kalkulert til > 1001 pe	24.200,-

8.3 Kontrolltiltak, forurensn.forskr § 11-4 jf forurl § 52a

A Kontrolltiltak som vert gjennomførte for å sikra at kpt 11 – 16 eller vedtak i medhald av desse vert følgde.	Fakturerast etter medgått tid jf. punkt 1.8

8.4 Sakshandsaming og kontroll i saker om lokal luftkvalitet

A Kommunen sine oppgåver etter forskrifta sitt kpt 7	Fakturerast etter medgått tid jf. punkt 1.8

8.5 Sakshandsaming og kontroll i saker om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid

A Kommunen sine oppgåver etter forskrifta sitt kpt 2	Fakturerast etter medgått tid jf. punkt 1.8

8.6 Sakshandsaming og kontrolltiltak i øvrige saker etter forurensningsloven der kommunen er forureiningsmynde

A Kommunen si handsaming av løyve etter lova, og kontrolltiltak som vert gjennomførte for å sikra at lova eller vedtak i medhald av lova vert fulgt. Dette gjeld andre saker enn i punkt 8-1 til 8-5, der kommunen er forureiningsmynde.	Fakturerast etter medgått tid jf. punkt 1.8

§ 9 Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 18.06.2018

Tillegg til gebyrforskrift: sal av produkt og tenester

Prislista under gjeld sal av produkt og tenester som ikkje er myndigheitsoppgåver.

Teneste	**Detaljar**	**Pris, inkl. mva**
Kartutskrift	A4 og A3, utan tilrettelegging	30,- /stk
Kartutskrift	A2 eller større , for inntil 9 stk.	125,- /stk
Kartutskrift	A2 eller større, for over 10 stk.	Timepris kr. 800,-
Skanning/utskrift av storformat	Heildekkjande utskrift i A2 eller større	Kr. 100,- /stk.
Skanning/utskrift av storformat	Ikkje heildekkjande utskrift i A2 eller større (td. etasjeteikningar eller liknande)	Kr. 75,- /stk.
Skanning av storformat	A2 eller større,ved lagring til fil	Inntil 10 ark: 35,- /stk
Skanning av storformat	A2 eller større, ved lagring til fil	Meir enn 10 ark. Timepris kr. 800,-
Oppmåling/stikking	Feltarbeid	1000,- /time
Timepris kontorarbeid	Førebuing til feltarbeid eller anna kontorarbeid	800,- /time
Naboliste enkelt eigedom/tomt		150,-
Naboliste som inneheld eit mindre område eller veg		250,-
Naboliste for plan		350,-
Situasjonskart, A4 eller A3	Krev tilrettelegging. Målestokk 1:500 eller 1:1000 - Kan inneholde høgder, planstatus og VA data	300,-
Andre opplysningar knytt til eigedomen/bygningen		Etter avtale

Legalpant og status for kommunale avgifter		200,-

Sal av FKB produkt og ortofoto. Prisane er oppgitt utan mva og kommunalt påslag for arbeid med uttak og sal av data (33%)		
FKB – produkt m/5 meters høgde	Vert levert gjennom infoland eller direkte bestillt gjennom kommunen	Geovekst priskalkulator (500,- +mva pr. km²)
Ortofoto	Vert levert gjennom «Norge i bilder»	Pris etter oppløysing og areal
Detaljert høgder 1 meter, punktsky eller las	Vert levert gjennom infoland eller direkte bestillt gjennom kommunen	Geovekst priskalkulator (800,- pr. km²)

Sal av kommunale produkt som plandata og VA-data med meir (prisar er inkl. mva)		
Digital plandata	Inntil 10 da	1000,-
	10 da - 200 da	3000,-
	Over 200 da - 1 000 da	5000,-
	Over 1 000 da	10000,-
Digital VA-data	Inntil 5 da	250,-
	5da - 50da	1000,-
	Over 50da	2000,-
Andre kommunale datasett		Pris etter avtale

VEDLEGG

Vedlegg 1

Fondsoversikt

(Oversikt over dei største fonda. Oversikta er svært usikker utover i planperioden.)

	2021	2022	2023	2024
Heile tusen				
Kapitalfondet:				
Netto fond 01.01.	**10 054**	**8 381**	**8 641**	**7 839**
Inntekter:				
Avsetjing renter	150	150	150	150
Saldering budsjett øk.plan	*127*	*360*	*-203*	*-1068*
Utgifter:				
Til investeringar oppr.	-1 700	0	-500	-500
Avsetjing kulturfond	-250	-250	-249	-248
Netto kapitalfond pr 31.12	**8 381**	**8 641**	**7 839**	**6 173**
Kraftfondet:				
Netto fond 01.01	**14 767**	**11 019**	**18 027**	**18 495**
Inntekter:				
Renter/avdrag utlån	400	400	401	402
Renter bank	64	64	65	66
Konsesjonsinntekter	11 905	11 905	11 906	11 907
Sum inntekter	**12 369**	**12 369**	**12 372**	**12 375**
Utgifter:				
Opprinneleg budsjett:				
Til investeringar	9 718	3 000	5 500	500
Næringssaker	2 000	2 000	2 000	2 000
Tilskot Hardangervidda Ski og Fjellsport AS	1 000	1 000	1 000	0
Tilskot HNS AS (tilbakebetalt forskottert husleiga)	1 000	1 000	1 000	1 000
Reisemål Hardangerfjord, drift 3250	436	436	437	438
Hardangerrådet, årleg tilskot	248	248	249	250
Destinasjon Eidfjord, drift turistkontor, drift 3250	594	594	595	596
KST 50/07 Næringspris (annakvart år)	100		100	
Tilskot Hardangerviddatunellen	500	500	501	502
Bruk til landbruk 3290-01	521	521	522	523
Sum kostnader	16 117	9 299	11 904	5 809
Netto kraftfond pr 31.12	**11 019**	**14 089**	**14 557**	**21 123**
Bustadfondet:				
Netto fond 01.01.	**4 667**	**4 417**	**4 167**	**3 921**
Inntekter:				
Renter bank	50	50	51	52
Avdrag / renter utlån	500	500	501	502
Utgifter:				
Utlån av fondet	-400	-400	-399	-398
Tilskot til bustadbygging	-400	-400	-399	-398
Netto bustadfond pr. 31.12	**4 417**	**4 167**	**3 921**	**3 679**

Bufferfond

Netto fond 01.01.	**16 423**	**21 388**	**23 203**	**25 018**
Inntekter:				
Avsetjing utbyte Hardanger Energi AS	1 815	1 815	1 815	1 815
Avsetjing restrerande fond "utbygging bygdaheimen"	3 150	0	0	0
Netto fond 31.12.	**21 388**	**23 203**	**25 018**	**26 833**
Sum fond	**49 143**	**54 038**	**55 273**	**61 746**

Vedlegg 2.

Sjølvkost VA 2021

Eidfjord utanom Sysendalen

	VATN	***AVLAUP***
Direkte kostnadar	951 017	792 941
Indirekte kostnadar	200 000	200 000
Avskrivingar	511 232	495 762
Kalkulatorisk rente	86 691	124 646
	1 748 940	1 613 349
Gebyrinntekter	1 864 000	1 663 000
Underskot / overskot (minus=underskot)	115 060	49 651
Sjølvkostdekning	106,58	103,08

Sysendalen avgiftsområde

	VATN	***AVLAUP***
Direkte kostnadar	1 514 193	2 314 454
Indirekte kostnadar	400 000	400 000
Avskrivingar	2 118 845	1 888 640
Kalkulatorisk rente	774 419	733 102
	4 807 457	5 336 196
Gebyrinntekter		
Årsgebyr	3 238 500	3 198 500
Tilnytningsavgifter (60 tilknytningar)	1 737 400	2 027 000
	4 975 900	5 225 500
Underskot / overskot (minus=underskot)	168 443	-110 696
Sjølvkostdekning	103,50	97,93

Kalkulatorisk rente 5 årig swap rente + 0,5

0,91 + 0,5